



ÅRSMELDING 2017

FOR

BOKN KOMMUNE

Innhald:

Rådmannen sine kommentarar

Generelt	1
Målsettingar i budsjettet for 2017	2
Drift 2017	3
Lånegjeld og fond	5
Bokn kommune sine inntekter	5
Sjukefråver og HMS	6
Likestilling / deltidsstillingar	6
Personale/kompetanse og kommunal leiing	6
Vegen vidare	8
Befolkningsutvikling i Bokn 2005-2014	11

Sentraladministrasjonen

Innleiing	13
Ressursbruk	13
Resultatvurdering	14
Utviklinga framover	27

Seksjon barnehage, skule og kultur

Innleiing	27
Ressursbruk	27
Resultatvurdering	30

Seksjon helse, sosial og barnevern

Innleiing	41
Ressursbruk	41
Resultatvurdering	44

Seksjon teknisk

Innleiing	52
Ressursbruk	52
Resultatvurdering	53
Utviklinga framover	59

Politisk og administrative organisering

58

RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR:

Generelt


Årsmeldinga for 2017 gir ein oversikt over kommunen sine aktivitetar i året som er gått. Ein har forsøkt å visa bredda i det som skjer i kommunen. Årsmeldinga bygger på same lesten som tidlegare år.

Innbyggartalet har i 2017 falt med 11 personar - ein nedgang på 1,3 %. Ved årsskiftet 2017/2018 var innbyggartalet på 844.

Arbeidsledigheten i Bokn er pr. april 2018 2,5 % mot 1,4 % året før. Arbeidsledigheten for Rogaland var samtidig 2,9 % av arbeidsstyrken.

Næringslivet i Bokn gir tilbakemelding om det fortsatt går godt. Mellom anna vil ein nemne utbygginga til Grieg Seafood Rogaland i Trosnavåg. Det nye anlegget tas i bruk våren 2018. Anlegget framstår no som eit stort, moderne og framtidsretta smoltanlegg. Utbygginga aukar produksjonen og sikrar eksisterande arbeidsplassar i tillegg til etablering av fleire nye.

Hva innbyggerne arbeider med



Kilde: Registerbasert sysselsetting, Statistisk sentralbyrå

Rogfastutbygginga er vedtatt av Stortinget, og prosjektet er starta opp. Prosjektet viser godt igjen i terrenget både i Arsvågen og i Knarholmen-området. Mellom anna er det etablert ein bustadrigg i Knarholmen. Det er grunn til å tru at utbygginga vil skape auka aktivitet i kommunen som vil kunne legge grunnlag for auka sysselsetting og busetting i kommunen.

Vassverket står no ferdig. I tillegg til innbyggjarane i kommunen skal det nye vassverket levera vatn til Rogfast-prosjektet dei neste 7 åra.

Kommunen har under arbeid utarbeiding av ein områdeplan for næring sør for Knarholmen. Statens Vegvesen si motsegn mot planen vart trekt etter at kommunen og vegvesenet vart samde om at det skal settast av ein korridor på 200 meter til bruk for framtidig veg – samtidig som kommunen fekk signal om at det tidlegare avsette området kunne utvidast sørover med eit tilsvarende område.

Rogfast, Hordfast og andre større samferdselsprosjekt, vil kunna få store positive ringverknader for næringsutvikling og busetnad på Haugalandet. Sjølv om det for tida er liten aktivitet når det gjeld bustadbygging og næringsetableringar i vår del av landet, er det grunn til å tru at mange vil sjå mot Bokn for busetting og etablering av næringsverksemd når dei framtidige samferdselsprosjekta blir endeleg vedtatt av Stortinget.

I kommunen sin vedtekne kommuneplan frå 2013 og planstrategi vedtatt i 2016 er det tatt høgde for at etterspurnaden etter nærings- og bustadtomter vil bli aukande dei kommande åra.

Målsettingar i budsjettet for 2017

Budsjettet for 2017 har som tidlegare år vore basert på målsettingar om å:

Vidareføra og styrka gode tenestilbod til alle grupper
Arbeide for etablering av ny bustadområde som gir grunnlag for auka busetting
Marknadsføra kommunen som ein god stad for busetting og etablering
Driva ein aktiv næringspolitikk
Delta aktivt i regionalt samarbeid

Konkrete mål har vore:

Ferdigstille utbygging av nye sjukeheimsrom og omsorgsbustader på Boknatun
Oppstart og drift av Bokn Arena
Utarbeide områdeplan for næringsområdet sør for Knarholmen
Ferdigstilla utbygging av nytt vassverk
Kostnadskontroll budsjett/rekneskap
Innføring av elektronisk arkiv

Drift 2017

Dei kommunale tenestene på Bokn er gode – sjølv om ein får noko dårlegare plassering på KOSTRA rangeringa enn tidlegare. Delvis heng dette saman med at ein bruker mindre pengar enn tidlegare, men også at det er gjort endringar i KOSTRA-vurderingane som slår negativt ut for små kommunar. For Bokn kommune sitt vedkomande er det manglar ved KOSTRA-rapporteringa for 15. februar som ligg til grunn for dei førebels rangeringane innanfor enkelttenestene. Samla rangering vil heller ikkje ligga føre - før etter 15. juni – som er frist for rettingar.


Kommuneøkonomien er eit viktig reiskap for å nå dei mål ein setter seg for utvikling av kommunen.

Bokn kommune har i mange år, som fylgje av eigedomsskatt frå gassbasert industri, hatt ein økonomi som har gjort det mogleg å halde eit tilfredsstillande driftsnivå, nedbetale gjeld og samtidig sette av pengar til fond. Rekneskapen for 2017 viser at nytt inntektssystem som blei innført frå 2017 gradvis reduserer rammetilskottet.

Dei siste åra har Bokn hatt ei dårlegare inntektsutvikling enn mange andre kommunar. Dette er i all hovudsak relatert til demografisk endringar og folketalsutviklinga. Låg folketalsutvikling betyr òg lågare inntekter frå gassbasert industri sidan denne inntekta blir fordelt mellom Tysvær og Bokn etter folketal. Det nye inntektssystemet forsterkar denne utviklinga.

Rekneskapen for 2017 viser eit samla mindreforbruk på kr. 5.665.524,-. Det vises elles til kommentarane under det enkelte rammeområde.

Utgifter etter utvalgte områder



- Brutto driftsutgifter, administrasjon og styring, i prosent av tot.brt. driftsutg., konsern
- Brutto driftsutgifter, barnehage, i prosent av totale brutto driftsutgifter, konsern
- Brutto driftsutgifter, grunnskoleopplæring, i prosent av totale brutto driftsutgifter, konsern
- Brutto driftsutgifter, helse og omsorg, i prosent av totale brutto driftsutgifter, konsern
- Brutto driftsutgifter, sosialtj., i prosent av totale brutto driftsutgifter, konsern
- Brutto driftsutgifter, barnevern, i prosent av totale brutto driftsutgifter, konsern
- Brutto driftsutg, vann, avløp, renov./avfall, i prosent av tot brutto driftsutg, konsern
- Brutto driftsutgifter, kultur, i prosent av totale brutto driftsutgifter, konsern

Kilde: Kommuneregnskap, Statistisk sentralbyrå

Driftsresultat/rekneskapsmessig mindreforbruk i Bokn 2017 og 2016

	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Brutto driftsresultat	5.439.281	4.829.740
Netto driftsresultat	5.137.468	5.294.715
Mindreforbruk (Overskot)	5.665.524	5.235.533
Netto driftsresultat % av brt. dr. innt.	5,0 %	5,2 %

Investeringar

Dei samla investeringane i 2017 utgjer ca. 24,3 mill. kroner. Dei største investeringane gjeld bygging av omsorgsbustader/sjukeheim med kr. 15,2 mill. kroner og vassverket 6,9 mill. kroner.

Lånegjeld og fond

	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Langsiktig lånegjeld	95.535.680	70.150.811
Fond:		
Disposisjonsfond	13.660.448	8.937.932
Ubundne kapitalfond	-3.370.343	-4.734.185
Bundne kapitalfond		
Bundne driftsfond	1.631.554	1.646.623
Sum fond	11.921.659	5.850.370

Netto lånegjeld pr. innbyggjar iflg. KOSTRA-tal

	2017	2016
Bokn	96.400	86.821
Kostragruppe 5	81.059	77.111
Rogaland	57.848	55.672
Landet	66.036	63.988

Bokn kommune sine inntekter

	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Skatteinntekter	20.969.194	20.264.770
Rammetilskott	45.978.365	45.346.479
Eigedomsskatt	11.717.315	12.111.153
Overf. med krav til motyting	14.354.622	13.053.112
Andre inntekter	9.656.737	9.771.279
Sum driftsinntekter	102.676.233	100.546.793

Endring i Bokn kommune sine inntekter

	Rekneskap 2017		Rekneskap 2016	
	Kroner	Prosent	Kroner	Prosent
Endring i samla inntekter	2.129.440	2,11 %	9.448.747	10,4%
Endring i eigedomsskatt	- 393.838	-3,25%	2,591.467	27,2%
Endring i skatteinntekter	704.424	3,47%	683.310	3,5%

Mens Bokn i 2016 hadde ei sterk vekst i inntektene som fylgje av vekst i eigedomsskatt er auken i dei samla inntektene i 2017 bare på 2,11 %, dvs. at veksten i dei samla inntektene for Bokn kommune i 2017 er lågare enn løns- og prisauken.

Sjukefråvær og HMS

Bokn kommune har frå 2002 vore ein IA bedrift. Sidan 1. januar 2005 har ein hatt avtale med International SOS om regelmessig gjennomgang og kartlegging av arbeidsmiljøet mellom anna som eit tiltak for å få redusert sjukefråværet. Ein vil i 2018 gjere ei ny arbeidsmiljøundersøking enten for heile eller deler av verksemda.

Totalt for kommunen var sjukefråværet på 6,9% i 2017 mot 7,2% i 2016. Det er fortsatt stor forskjell frå avdeling til avdeling og sjukefråværet er nærare omtalt hos kvar enkelt seksjon.

Bokn kommune har ikkje hatt alvorlege ulykker i 2017.

Likestilling / deltidstillingar

Bokn kommune har som andre kommunar, ei skeiv fordeling av tilsette når det gjeld kvinner og menn. Både i helse, barnehage og skule har vi ei stor overvekt av kvinner mens det i teknisk bare er menn. I leiarstillingane er det noko jamnare fordeling mellom kvinner og menn.

Det er ei utfordring å rekruttere menn til stillingar i helse, skule og barnehage og kvinner til stillingar i teknisk.

Kommunen har også mange deltidstillingar, spesielt innan omsorg. Det er eit mål å redusera bruk av deltidstillingar og kunna tilby fleire stillingar med 100%. Små stillingar er ei ulempe for både tilsette og brukarar, men ofte kan det vanskeleg å få for eksempel ein turnus til å gå opp dersom ein i antall personar i turnusen blir redusert.

Personale /kompetanse og kommunal leining

Bokn kommunen har stabile, dyktige og godt kvalifiserte medarbeidarar - noko som er ein føresetnad for god kvalitet på dei kommunale tenestene. Auka kompetansekrav for lærar i skulen må vere på plass innan 2025. Bokn har ein plan for å innfri dette kompetansekravet ved å legge til rette for at dei allereie tilsette lærarane, kan tileigne seg nødvendig tilleggsutdanning - i tillegg til at det vert stilt krav om nødvendig kompetanse ved tilsetting av nye lærarar.

Bokn kommune hadde tidlegare eit samarbeid med Tysvær kommune om nokre kommunaltekniske tenester. Frå hausten 2017 vart desse tenestene overført til Karmøy kommune. I tillegg vart det bestemt at byggesak og behandling av planar skulle bli saksbehandla i Karmøy kommune.

Dei siste åra er dette oppgåver som har vore utført gjennom innleigd konsulent.

Overføringa til Karmøy får difor ikkje direkte personalmessige konsekvensar. Ordninga vil bli evaluert hausten 2018.

Frå hausten 2018 vart NAV-kontoret i kommunen lagd ned etter at NAV-Rogaland ikkje ville vidareføra eige kontor på Bokn. Dette hadde direkte samband med at dei 2 tilsette ved kontoret søkte seg over til nye stillingar i NAV-Tysvær. Ved NAV kontoret i

Bokn var det tilsett 2 personar med til saman ca. 1,5 stilling. Av desse stillingane var det ein kommunal stilling på ca. 0,7 stilling og ein statleg stilling på ca. 0,8 stilling.

Dei kommunale oppgåvene knyta til NAV vart deretter utført av NAV-Karmøy. Med bistand av NAV Rogaland blei det seinare formalisert eit samarbeid mellom Bokn og Karmøy om felles NAV kontor etter vedtak i begge kommunane. Avviklinga av NAV kontoret hadde som personalmessig konsekvens at personalressursen i kommunen blei redusert med 0,7 årsverk.


Det er mange kommunar som utviklar nye tiltak og virkemidlar for å rekruttera og halda på personalet. Konkurransen om dei dyktige medarbeidarane er stor. I tillegg skjer det store endringar i det kommunale oppgåvebilde med endringar i dei forventningar publikum, media, offentlege myndigheiter har til kommunane. Dette krev at kommunen i større grad må legg til rette for at den enkelte medarbeidar får auka sin kompetanse for å kunne handtera dei nye oppgåvene som kommunesektoren blir pålagd. I stor grad vil desse nye oppgåvene måtte løysast gjennom omfordeling av oppgåver blant personale og omprioritering av kommunale oppgåver – då det ikkje vil vere økonomi til å tilsette nytt personale for å løyse dei nye oppgåvene.

Bokn kommune har fram til no vore konkurransedyktig når det gjeld løn og personalpolitiske verkemiddel elles, men må nok også vurdera nye tiltak for å behalda og rekruttera fagfolk i tida som kjem.

Tilsetting av nye medarbeidarar fører til utfordringar både i leiargruppa og internt i seksjonane og er kostbart for kommunen. Endringar i leiinga fører ofte til at oppstarta prosessar stoppar opp og at vedtekne arbeids- og organisasjonsmodellar ikkje blir gjennomført i samsvar med føresetnader – til stor frustrasjon for heile organisasjonen.

Det har dei siste åra vore stor utskifting i leiargruppa. Dette har gjort at ein har prøvd ut ein modell der det er lagt eit større ansvar og ein større administrativ ressurs til mellomleiarstillingar som for eksempel rektor på skulen, styrar i barnehagen og einingsleiar pleie- og omsorg. Samtidig er alle desse tenestene samla under ein kommunalsjef – ein stor utfordring både for kommunalsjef og organisasjon. Ein vil evaluera modellen i forbindelse med utarbeiding av årsmelding for 2019.

Organisasjonskart Bokn kommune frå 1.1.2017



Vegen vidare

Bokn kommune har hatt eit høgt nivå på dei kommunale tenestene - både når det gjeld kvalitet og kvantitet – noko som også avspeglar seg i tidlegare kommunebarometer.

Utfordringa no vil vera å kunna oppretthalde og vidareutvikla tenestetilboda innanfor dei økonomiske rammene som blir vedtatt av Stortinget. I forbindelse med budsjettet for 2018 er det vedtatt at det skal gjerast ei omlegging av mellom anna eigedomsskatt – noko som kan få store økonomiske konsekvensar for Bokn. Førebels har ein ennå ikkje heilt klart for seg kor store utslag dette vil få for dei kommande års budsjett.

For å oppretthalda eit godt fagleg nivå innanfor økonomisk forsvarlege rammer er det inngått eit samarbeid med Karmøy kommune når det gjeld tekniske tenester. Det er i 2017/2018 også inngått ein samarbeidsavtale om felles NAV kontor mellom Karmøy og Bokn i tillegg til at ein har gjort ein avtale om å kjøpa 10 % jordmorteneste frå Karmøy. Frå tidlegare har Bokn allereie eit samarbeid med Karmøy når det gjeld barnevern og PPT.

Arbeidet med utbygging av nye sjukeheimplassar og omsorgsbustader har stått i fokus i 2017. Alderssamansettinga i Bokn gjer at gruppa over 80 år vil auke dei komande åra. I tillegg må ein også gjere rekning med at det i framtida vil bli fleire demente, med dei utfordringar dette stiller til tenesta og personalet. Det blei i 2015 vedtatt ein bustadsosial

handlingsplan som skal danne grunnlag for iverksetting av tiltak for å møte dei framtidige behova for tilrettelagte bustader og bustader for andre brukargrupper. Som følgje av denne planen blei det i budsjettet for 2016 vedtatt å bygge 15 tilrettelagde bustader.

Etter at 9 av kommunane på Haugalandet vedtok å etablere eit felles brannvesen har 2017 gått med til etablering av styrande organ og tilsetting av dagleg leiar. Etter planen skal det nye selskapet vere operativt frå sommaren 2018 og frå same tidspunkt skal brannpersonalet i kommunane vere overført til det nye selskapet.

Små fødselstal dei siste åra gjer at antall born i barnehagen og elevar på skulen blir sterkt redusert dei kommande åra dersom ein ikkje får auka tilflytting. Slik det ser ut i dag vil dagens barnehage dekke behovet for barnehageplassar mange år framover.

Mange kommunar – inklusiv Bokn – har hatt ein negativ utvikling i 2017. Dette heng fyrst og fremst saman med at arbeidsinnvandringa til Norge er redusert kombinert med ei sterk sentralisering. Det er likevel grunn til å tru at Bokn kommune med sin sentrale lokalisering på sikt vil få ei auke i folketalet – både som følgje av Rogfast-utbygging med nærheita til Stavangerregionen, men også på grunn av dei store næringsområda som skal utviklast på Haugalandet i nærområda til Bokn.

Det må forventast at mange vil sjå Bokn som attraktiv stad for både busetting og næringsetablering når den nye vegsambandet står ferdig.

Kommunen vil bli stilt ovanfor store utfordringar når det gjeld å vera i forkant i forhold til planlegging og tilrettelegging for auka etterspurnad etter bustadtomter og næringsareal. Statens Vegvesen sine planar om bygging av ny E 39 frå Rogfast mot Hordaland har ført til at kommunen sine egne planar har blitt satt på vent. Denne planen vil er no starta opp igjen.

Stortinget vedtok våren 2016 eit nytt inntektssystem for kommunane som vil føra til reduserte inntekter for Bokn i forhold til dagens økonomiske rammer. Dette vil gi kommunen utfordringar i forhold til å oppretthalde det tenestetilbodet Bokn har i dag. Dei økonomiske utfordringane blei i tillegg ytterlegare forsterka som følgje av Stortinget sitt vedtak om å fjerna eigedomsskatt på verk og bruk.

Sjølv om det interkommunale samarbeidet kan vere utfordrande ser ein dette som viktig og nødvendig dersom Bokn skal bestå som eigen kommune.

I dag deltar Bokn mellom anna Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet, Haugaland Vekst IKS, HSA – Haugaland Skule Arbeidsliv, Haugalandsløftet, Interkommunalt renovasjonsselskap HIM, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd, Interkommunalt krisesenter, Barnevernssamarbeid, samarbeid om PPT-teneste, Brannsamarbeid, Haugaland Kraft AS og Karmsund Havn IKS for å nemne nokre av dei mest sentrale.

Det nye inntektssystemet for kommunesektoren fører til at Bokn vil få reduserte inntekter framover. Sett i samanheng med den demografiske utviklinga i Bokn med låge fødselstal

får dette store konsekvensar ikkje bare for økonomien, men det vil også kunne føre til overtallighetsutfordringar i forhold til tilsette i skule og barnehage.

Økonomi er ein viktig innsatsfaktor når det gjeld kvalitet og kapasitet på kommunale tenester. For å ivareta dette vidare må ein ha ei økonomisk omstilling i kommunen – slik at kommunen fortsatt skal kunna tilby innbyggjarane gode lovfesta tenester. Sjølv om økonomi er viktig er dei gode kommunale tenester likevel fyrst og fremst avhengige dyktige medarbeidarar.

Sentralt som Bokn ligg, nært opp til arbeidsmarknader både sør og nord for Boknafjorden, er det mange kommunar som konkurrerer om denne arbeidskrafta. Det er derfor viktig å ta vare på denne ressursen gjennom ein personalpolitikk som gjer oss konkurransedyktige i forhold til andre kommunar.


Bokn, april 2018

Jan Erik Nygaard
Rådmann

FOLKNINGSUTVIKLING I BOKN 2010 – 2016

ÅR	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Fødde	6	5	1	8	12	4	9
Døde	6	3	2	5	8	8	3
Fødselsoverskott	0	2	-1	3	4	-4	6
Innflytting	43	54	21	35	40		
Utflytting	29	45	15	41	44		
Netto flytting	14	9	6	-6	-4	-6	-17
Folketalsvekst	14	11	5	-3	0	-10	-11
Sum innbyggjarar	851	863	868	865	865	855	844

Folketalsvekst 2011 - 2017




Låg folketalsutvikling

Befolkningsveksten for Norge i 2017 er den lågaste på 10 år som fylgje av lågare innvandring og høgare utvandring.

Bokn fekk i 2017 ei nedgang i folketalet på heile 11 personar. Det blei 9 fødte og 3 døde. Netto innflyttinga var på heile minus 17 – noko som forsterkar den negative folketalsutviklinga Bokn har hatt dei siste åra.

Ein vil i løpet av 2018 lage ei utgreiing om årsaka til den store utflyttinga Bokn har hatt dei siste åra.



Kilde: Folkemengde, Statistisk sentralbyrå



ÅRSMELDING 2017

FOR

BOKN KOMMUNE

Innhald:

Rådmannen sine kommentarar

Generelt	1
Målsettingar i budsjettet for 2017	2
Drift 2017	3
Lånegjeld og fond	5
Bokn kommune sine inntekter	5
Sjukefråver og HMS	6
Likestilling / deltidsstillingar	6
Personale/kompetanse og kommunal leing	6
Vegen vidare	8
Befolkningsutvikling i Bokn 2005-2014	11

Sentraladministrasjonen

Innleiing	13
Ressursbruk	13
Resultatvurdering	14
Utviklinga framover	27

Seksjon barnehage, skule og kultur

Innleiing	27
Ressursbruk	27
Resultatvurdering	30

Seksjon helse, sosial og barnevern

Innleiing	41
Ressursbruk	41
Resultatvurdering	44

Seksjon teknisk

Innleiing	52
Ressursbruk	52
Resultatvurdering	53
Utviklinga framover	59

Politisk og administrative organisering	58
--	-----------

RAMMEOMRÅDE 1 - SENTRALADMINISTRASJONEN

Innleiing

Sentraladministrasjonen omfattar dei politiske og administrative tenestene i kommunen. Dei administrative funksjonane er rådmann, data, servicetorg, økonomi, lønn og personal.

Tenestene som dette rammeområdet omfattar er politisk aktivitet og overordna administrasjon av kommunen som utgjer ca 45% av utgiftene på rammeområdet. Resten av utgiftene ca 55% gjeld fellesutgiftene til tenesteproduksjon. (jmf. Resultatvurdering, andre tenester)

Sentraladministrasjonen er organisert under kommunalsjef administrasjon. Drifta i administrasjonen omfattar kundemottak, sentralbord, post, arkiv, felles innkjøp, sekretariat for politiske utval, interne merkantile tenester til og for seksjonane, økonomistyring, budsjett, innkjøpsavtalar, rekneskap, lønn, fakturering, generell personalpolitikk, HMS/arbeidsmiljø og IKT drift- og strategi.

Rådmannen sine funksjonar er overordna styring og kontroll, juridisk bistand, interkommunalt/regionalt arbeid, NAV, barnevern, beredskap, sekretærfunksjon for formannskap og kommunestyre, næringsarbeid, kommuneplanarbeid, .

Ressursbruk: (heile 1000)

Driftsresultat	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Rekneskap 2017	Avvik frå Budsjett 2017
Brutto utgifter	16.104	16.360	15.321	-1.039
Brutto inntekter	-1.899	-904	-2.036	-1.132
Netto utgift	14.205	15.456	13.285	-2.171

Inntektsauken er:

Refusjon meirverdiavgift

- ca 0,6 mill

Andre refusjonar

- ca 0,3 mill

Utleige

- ca 0,2 mill

Utgiftreduksjonen skuldast reduksjon i lønn og pensjonsutgifter.

Bemanning	2014	2015	2016	2016	2017
Årsverk rådmann/stab.	2,37	2,38	2,37	2,38	2,38
Årsverk sentraladministrasjon	5,73 *	5,6	5,0	5,0	5,0

* Inkl. 13% lønna tillitsvald ihht hovudavtalen fram til juni 2015

Bemanninga har elles vore stabil og ein har god fagleg kompetanse i stillingane.

Sjukefråver i administrasjonen

sjukefråver	2013	2014	2015	2016	2017
I %	2,1	2,1	0%	1%	0,6%
Kortidsfråver dagar	6	11	0	20	11
Langtidsfråver dg.	42	38,8	0	0	0

Sjukefråveret i administrasjonen er fortsatt svært lågt.

Resultatvurdering

Dei ordinære driftsoppgåvene for administrasjonen har ikkje endra seg i forhold til tidlegare år men

Teneste 1000/1100 Politisk styring / kontroll

Utgiftene omfattar mange ulike kostnader, både kurs, reiseutgifter, bevertning, kontorrekvisita etc. Rekneskapet for 2017 viser eit mindreforbruk på ca 283.000,- ihht vedtatt budsjett. Dette skuldast i hovudsak unytta reservert løyving.

Utgifter til revisjon var 233.535,-. Av dette var 76.128,- forvaltningsrevisjon for plan, byggesak og eigedom.

Teneste 1200 Administrasjon

Rådmann, IT, personal, servicetorg og økonomi (teneste 1202) er alle definert som "administrasjon".

Både rådmann, Økonomiavdelinga og Servicetorg bruker mykje av arbeidstida til å utføre oppgåver som er ein del av tenesteproduksjonen i andre seksjonar. Kartlegging viste at av dei 7,6 årsverka som er tilsette i sentraladministrasjonen utfører ein normalt ca.3,5 årsverk i direkte tenesteproduksjon.

Dei resterande 4,1 årsverka i administrasjonen utfører "tenester som betjener hele den kommunale organisasjonen" – dvs. rekneskap, lønn, personalpolitikk, HMS, sentralbord, post/arkiv, politisk sekretariat, datadrift og overordna administrasjon og leing.

Data:

Målsetjinga for IT-avdelinga i Bokn kommune er å kunne tilby innbyggjarar og brukarar eit IKT- system som sikrar stabil drift, høg tilgjenglighet og god informasjonstryggleik. Dette gjeld både for informasjonsskjermer, nettstad, digitale skjema og serverpark for brukarar.

Bokn kommune har i 2017 hatt ei stabil IT- drift utan uønska hendingar. Unnataket er eit tilfelle av langvarig straumbrot, over 30 minutt. I samband med bygging av nye omsrogsbustadar og nye Bokn sjukestove blir det gjort tiltak i form av stasjonært aggregat med automatisk innkobling ved utfall av straum. Dette vil sikre stabil straumforsyning.

Kommunen har ikkje hatt kjende brot eller avvik knytt til informasjonstryggleik i 2017.

Digitalisering og dialog med innbyggjarar og næringsliv

Acos CMS fungerer godt som heimesideløysing for kommunen. Den er ei standardisert løysing med integrasjon mot arkivsystemet i kommunen. Nettstaden inneheld elektroniske skjema for innbyggjarane. Løysinga har vore svært stabil etter at ho blei tatt i bruk, sida blir regelmessig oppdatert. Kommunen brukar i tillegg Facebook til informasjon og dialog. Kommunen blir regelmessig kontakta gjennom denne via meldingar frå publikum.

Kommunen har no 5 digitale informasjonsskjermar. Den siste blei montert på Coop Bokn i februar. IT- avdelinga vil takke Coop Bokn for samarbeidet om denne.

Informasjonsskjermene blir regelmessig oppdaterete med informasjon frå kommunen og frivillige aktørar i Bokn kommune.

Bokn kommune har i 2017 teke i bruk løysinga SvarUT/INN frå KS. Denne tenesta er integrert med arkivsystemet i kommunen. Kort foralt betyr dette at kommunen kan sende post til næringslivet og innbyggjarane gjennom Altinn eller SPD (Sikker digital postkasse, t.d. Digipost).

Datasikkerhet og driftsavtalar

Kommunen tar fysisk back-up av alle data, og back-up serveren er plassert i anna bygg enn hovudserver, både lokalt og regionalt i Norge. Begge serverane er stasjonert i eigne låste rom, og rom for hovudserver er også sikra med kjøling / ventilasjon. Nettverket er bygd slik at vi har sikre soner for sensitiv informasjon ihht datatilsynet sine krav. Kommunen har hatt gjennomgang med nettverkskonsulent for å kvalitetssikre nettverket mot inntrengingar.

Bokn kommune har, som alle andre kommunar, utfordringar med alle einingane som blir brukte privat og i jobbsamanheng. Dette gjeld til dømes private smarttelefonar og nettbrett. Kommunen har reglar for dette og arbeider kontinuerlig med system som kan ivareta sikkerheten best mogeleg samtidig som brukarane skal oppleve IT- systema som framtidsretta og tilgjengelige.

Kommunen arbeider systematisk med å innhente databehandlaravtalar med alle partnarar, jf krav frå Datatilsynet, samt å risikovurdere ulike IT-avtalar. Dette arbeidet aukar i omfang. Kommunen har starta arbeidet med GDPR, EU si nye forordning om personvern som etter planen blir norsk lov i mai 2018. Dette inneber kartlegging av og informasjon om personopplysningar som kommunene behandlar for å kunne tilby gode tenester til innbyggjarane.

Vi har godkjente lisensar for programvare og antivirusprogram på alle PCar og serverar. Microsoft sine lisensreglar for Office er kompliserte og det har tidlegare vore vanskeleg å halde kontroll over at alt var lovleg. Nå har Microsoft kontroll, og vi betalar kun for det talet brukarar me til ei kvar tid har i systemet. Dette sikrar enkel opp- og nedskalering av lisensar ved behov.

I samband med innkjøp av nye system har kommunen no kjøpt vedlikehaldsavtalar på lisensar. Dette skal sikre regelmessige oppdateringar av serverar, programvare m.m. for å skape ein jamnare kostnadsfordeling og oppdaterte system. Dette er ei utfordring for

små kommunar i og med at ein har få brukarar å fordele kostnadane på. Derfor prøver kommunen, så langt råd er, å inngå avtalar der ein betalar pr. brukar.

Våren 2017 blei arkivsystemet oppgradert til siste versjon med nye funksjonar for møte- og sakshandsaming. Det vil nå bli mogeleg å legge inn politiske utval i tenesta

Serverpark og PCar

Vi har nå om lag 190 PCar og serverparken består av 5 fysiske serverar og 60 virtuelle. I tillegg kjøper kommunen datalagring hos diverse leverandørar. Alle elevane i ungdomsskulen har nå eigen bærbar pc som dei får når dei startar i 8 klasse.

Behovet for utskifting av PCar skjer jevnleg. Kommunen har no fjerna alle maskinar med froelda operativsystem frå datamiljøet. Når det gjeld bærbare pc til lærarar og elevar pc har vi desse på leasing, alt anna datamaskinkjøp er ordinært. Gjennomsnitt levetid pr PC er 3-7 år, avhengig av type (bærbar/stasjonær) og bruk. I dag brukar me til dømes resirkulerte elevmaskinar som klientar i helsenettet.

Kommunen har tatt i bruk 20 nettbrett i eit samarbeid mellom folkehelsearbeidet og skulen. Tanken er samdrift der både elevar og t.d. pensjonistar vil kunne nytte desse nettbretta til opplæring.

Alle politikarane i Bokn har eit nettbrett kvar. Det vil bli arbeidd mot at politikarane blir tettare knytte inn mot det kommunale IT- systemet slik at ein kan bruke felles arbeidsplattformer for utveksling av e-post og saksdokument.

Velferdsteknologi

Bokn kommune har inngått ny driftsavtale på tryggleiksalarmar med Haugaland Kraft. Tilbakemeldingane har så langt vore gode. Systemet er skalerbart og vil bli nytta hos heimebuande, personar i omsorgsbustadar og personar på institusjonsrom.

Kjøp av tenester

Økonomiprogramma har sidan årsskiftet 05/06 vore drifta av eit privat selskap i Sykkylven, og alle kommunane (4stk) som er med i dette samarbeidet har vore svært nøgde med oppetid og service.

Dei kommunale programma (matrikkel, Gisline, Komtek) vert drifta av Karmøy. Utskriving av skatt er det Haugesund kommune som driftar.

Elles har kommunen tilgang til ein del program via internett kor vi har kjøpt bruksrett.

Utplassering

IT- avdelinga stiller seg positiv til førespurnadar om arbeidstrening, arbeidserfaring eller liknande. I 2018 hadde avdelinga utplassert ein ungdom i nærar 3 månadar. Dette var ei positiv oppleving og kommunen fekk gode tilbakemeldingar på dette.

Trådløst nett

Boknatun, skule, biblioteket og Bokn arena er nå dekket av trådløst nett. Tilsette i kommunen har tilgang til utskrift og server så lenge dei er innanfor rekkevidde av Bokn sine nett. Dette styrkar fleksibiliteten og har m.a. gjort det enklare å bruke Bokn arena til kurs m.v. Det er nå aksess -punkt som dekkar heile skulebygget og store deler av Boknatun.

Kompetanse og samarbeid

IT- avdelinga har eit nært samarbeid med konsulentar og fagpersonell i andre kommunar gjennom m.a. nettverksmøter på IT-sjef nivå. Kommunen er også representert i interkommunale prosjekt, t.d. innan velferdsteknologi og arkivsystem.

IT- avdelinga deltek på regional og nasjonale samlinga og konferansar for fagleg oppdatering og utvikling.

IT-avdelinga si rolle i kommunale prosjekt

Nye prosjekt som kommunen startar opp krev i ulikt omfang involvering frå IT-avdelinga i kommunen. Avdelinga har vore sentral i anskaffinga av ny avtale om velferdsteknologi, i tillegg til prosjektering, bestilling og samordning av infrastruktur og utstyr knytte til drift av nytt vassverk, ny 'Bokn sjukestove' og saksutgreiing om nettbrett i skulen, som blir fremja som sak for kommunestyret våren 2018.

Servicetorg

Målsetjinga for servicetorget er at brukarane skal oppleve at dei vert godt mottatt og at dei får god informasjon om kommunale tenester og / eller hjelp til å få kontakt med rett saksbehandlar i kommunen.

Dei ordinære oppgåvene for servicetorget er sentralbord/skranke, postmottak og postfordeling, arkivansvar og enkelte interne fellesfunksjonar til dømes innkjøp av kontorrekvisita, reisebestilling, booking av møterom og liknande.

Overgangen til bruk av iPad i staden for papirdokumenter i dei politiske fora har effektivisert utsending av saksdokument.

Servicetorget utfører og enkelte oppgåver for seksjonane og har i tillegg eit særleg ansvar når det gjeld generell info på kommunen si heimeside.

Avtalen med skatteetaten vart sagt opp med verknad frå 1.1.17.

Etter forvaltningsrevisjon av post/arkiv rutine, fekk ein avdekka ein del svakheter. Ein har i 2017 brukt mykje tid til revisjon av arkivplan og postrutinar i nært samarbeid med IKA (Interkommunalt Arkiv). Oppgradering av WebSak vart gjennomført samt opplæring av saksbehandlarane. Frå 01.januar 2018 gjekk vi over frå papirarkiv til fullelektronisk arkiv. i løpet av 2017.

Personalfunksjonen

Kommunen har ein felles ressurs for kompetanseheving som vert fordelt etter behov. Kommunen arrangerer årleg ein felles julelunsj for alle tilsette og på dette arrangementet vert det også utdelt gratiale for tilsette med 15 eller 25 års teneste. Ved årsskiftet hadde kommunen 19 tilsette med 25 eller fleire års teneste og 23 tilsette med 15 -24 år. Tilbakemeldingane er at dette arrangementet er svært positivt.

Kommunen har nå tatt i bruk elektronisk søknadsportal for ledige stillingar. Dette fungerer veldig bra og er ressurs sparinge for saksbehandlarane. Det er full integrasjonen mellom personalsystemet og sak/arkiv systemet.

Folkehelse

Handlingsplan for folkehelse er styrande for aktiviteten innføre folkehelsearbeidet. Handlingsplanen byggjer på «Løpande oversikt over helsetilstand» samt «Oversiktsdokument, Bokn kommune».

Også for 2017 har aktiviteten vore høg. Vi har fokusert på, i 2017 som for føregåande år, å oppretthalde og å vidareutvikle tiltak vi erfarer har effekt både i eit helseperspektiv og i eit kost/nytte – perspektiv. I 2017 hadde vi dei fyrste møta i tverrfagleg statistikkgruppe, løpande oversikt over helsetilstand samt i overordna analysegruppe (sjå «Rutine for løpande oversikt over helsetilstand»). Det var flott å koam i gong med dette arbeidet no som rutineane låg klar.

Gla` trim

Gla`trimmen lever i beste velgåande. Vi erfarer at dette tiltaket har høg effekt både på den fysiske, men og på den psykiske helsa til dei som deltek. Vi ser stadig nye andlet innom treningane. Dette er eit teikn på at lokalbefolkninga ynskjer å inkludere kvarandre og at dei har omsut for kvarandre. Treningane føregår i den nye hallen og det fungerer no svært godt.

Tell Tur

Det er svært gledeleg å kunne vise til ENNO fleire Tell turar på Bokn, heile 7 i talet per. 21. mars 2018. Nye turar kom på plass i 2017 og vi driv, som vanleg, aktiv marknadsføring av arbeidet med Telltur. Målet er å få folk ut og det meiner vi at vi lukkast med. Turbøkene som er lagt ut bekreftar dette.

Ulike skilt prosjekt

Det er i 2017 brukt noko tid på å få på plass utvendig skilt på den nye fleirbrukshallen. Dei fyrste sponsor- skilta er også på plass; Statoil som aktør er fyrst ute. Det har vore meininga å sy saman sponsorpakkar for sal av reklameplass, men tida har sett begrensningar på dette så langt.

Haugaland Folkehelseforum

Den årelange innsatsen for å få formalisert forumet har endeleg gjeve avkastning: I januar 2018 hadde Folkehelsenettverket i regi av SU, FOUSAM og Helse Fonna sitt fyrste, konstituerande møte. Haugaland Folkehelseforum vart behørig applaudert for å ha oppretthalde fokus på å formalisere eit folkehelsenettverk på Haugalandet dette i henhold til krav om dette i tenesteavtale 10, Samhandlingsreforma.

Partnerskap for folkehelse RogFK

Som for føregående år, har ein i løpet av året deltatt på alle obligatoriske partnerskapssamlingar i regi av fylkeskommunen. Partnerskapsavtalane har også i løpet av 2017 vorte reviderte og vi (folkehelsekoordinatorane) i alle kommunane har deltatt i dette arbeidet. Rogaland Fylkeskommune skal ha all honnør for å ha invitert til medvirkning.

AV OG TIL

AV OG TIL året 2017 var ikkje like hektisk som i 2016, men vi har også i 2017 kjørt kampanjar samt drive marknadsføring via forum, heimeside og FB

Universell utforming

For 2017 har vi hatt fokus på å vidareføre og å tilrettelegge for systematisk kartlegging av bygg og utområder. Vi hadde mellom anna besøk frå Rogaland Fylkeskommune der vi fekk kartlagt kommunehuset på Bokn.

For dei som ynskjer å sjå nermare på resultatet av kartlegginga av kommunehuset sjå:

http://tilgjengelighet.no/search_result?reg=533

2017 som folkehelsår var prega av fokus på universell utforming også innføre IKT og digitale løysningar. Mykje tid gjekk med i planlegginga av «Jakten på det digge livet» der vi vil påstå at vi fekk særskild god omtale i fleire kanalar. Det vart også brukt ein del tid på å planleggje for nytt datakurs; dette vart halde i januar og februar 2018. Om lag 55 personar har no vore involverte i datakurs dei 2 siste åra.

I 2017 hadde vi og ei mentor- ordning knytta opp mot kompetanseheving innføre digitalisering; dette i regi av 3 frivillige damer som var å finna på biblioteket tysdagar heile våren 2017.

Psykisk helse

Som føregående år var det også i 2017 høgt fokus på psykisk helse heile året med deltaking på relevante kurs og fagdagar (fleire av kommunen sine ansatte) samt gjennomføring av mindre lokale arrangement.

Frisklivsentral

Vidareføring og vidareutvikling av konseptet deriblant bidrag inn mot tysdag-kafe for å oppretthalde denne. Bra mat kurs for ungdom såg dagens ljøs og dette er vi svært stolte av. Bra mat konseptet er eit konsept vi vil gjera mykje for å oppretthalde fokus på då effekten er stor sjølv i små kommunar som vår.

Næringsutvikling

Deltaking i ulike regionale og/eller interkommunale nettverk samt tilrettelegging for tilpassa tenestetilbod lokalt når det kjem til 1. linje teneste næring/etablerar – rettleiing

Anna:

Kommunen sende, for fyrste gong, ein ungdom som medseglar i forbindelse med The Tall Ships Races 2017.

Det vart, for fyrste gong, dela ut kvar si hovudlykt til heile kommunestyret – dette i relasjon til orientering om folkehelsearbeidet, om oversiktsdokumentet samt anna relevant informasjon.

#Vi deltok på Norwegian ArchFest der fokuset var å koble film opp mot samfunnsutforminga. Arkitektur og utforming av boligar, av sosiale møtestader m.m har svært mykje å seie for opplevd helse i befolkninga. Det er berre å konstatere at

konferansen/seminaret er av dei beste ein har deltatt på dei siste 8 åra. # Det vart kjøpt inn nye avrivningskart i 2017

Parallelt med alt anna har ein, innføre folkehelsearbeidet, mål om å verta «full-digitalisert» og ein har difor starta eit oppryddingarbeide i såmåte.

Teneste 1202 Økonomitenester

Økonomi.

Dei ordinære oppgåvene innanfor økonomi er budsjettering, økonomistyring, kommunal bokføring, mottak/scanning av inngåande faktura, utgåande fakturering og lønn. I tillegg har avdelinga fokus på at vi kan utføre tenester for seksjonane på områder kor det er behov for fagkompetanse innan økonomi- / personal, og har også overtatt ein del oppgåver som effektiviserer og kvalitetssikrar saksbehandlinga.

Alle kommunar skulle innan 1. juli 2012 kunne sende og ta imot elektronisk faktura, og det er nå i funksjon. Ennå kjem ein del fakturaene på papir, men fleire av leverandørane våre sender nå elektronisk faktura. Bokn har starta opp med eHandel i løpet av 2014, men ein har fortsatt mange leverandørar som ikkje har starta opp med å levere katalogar som vi kan hente via eHandel plattformen.

Skatteoppkrevjarkontoret:

Haugesund kemnerkontor overtok frå 1. juni 2015 skatteoppkrevjarfunksjonen for Bokn kommune. I 2017 blei det innfordra 82,7 mill. kroner i skattar og avgifter. Ei auke i skatteinngangen på 1% i forhold til 2016. Kommunen sin andel av dette utgjorde ca. 20,9 mill. kroner.

Innfordringa og restansesituasjonen er auka med uteståande krav på ca 1,8 mill ved årsskiftet mot 1,3 mill.- ved utgangen av 2016.

Bokn kommune deltar Haugaland interkommunale Arbeidsgivarkontroll saman med 9 andre kommunar. Det er gjennomført 1 arbeidsgivarkontroll i 2017.

Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet

Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet fungerer slik at Haugesund og Karmøy har saksbehandlarar som utfører alt arbeid med vurdering av grenseverdier og utlysing av anbod i Norge eller EØS-området. Vi andre kommunane i samarbeidet kjem med i arbeidet når vi skal vurdere dei innkomne tilboda og foreta eit val av leverandør. Bokn kommune er med på 34 felles avtalar.

Teneste 1203 – HMS / arbeidsmiljø

Sjukefråveret i kommunen har store endringar frå år til år.

År	Dagsverk	fråver i %
2008	741	4%
2009	1640	8,1%
2010	1273	6,3%
2011	1040	5,3%
2012	1239	6%
2013	1381	6,5%
2014	1598	7,1%
2015	1116	5,2%
2016	1600	7,2%
2017	1496	6,9%

Kommunen har ein avtale om inkluderande arbeidsliv (IA) som betyr at vi forpliktar oss til å ha ei tett oppfølging av dei sjukemeldte og tilrettelegging av arbeidet slik at dei kan fortsette i jobben. Den enkelte seksjon har kommentert sitt fråvær nærare.

Arbeidsmiljøutvalet.

AMU har hatt 3 møter i 2017.

Fagforbundet har hatt leiarfunksjonen i denne perioden. Sekretær er som tidlegare Solrunn Alvestad. SOS-international deltar på alle AMU møter og i tillegg deltar vår IA kontakt på 2 av møtene, eit på våren og eit på hausten.

Kommunen har 4 verneområder; skulen, barnehagen, administrasjonen/teknisk og sjukestova/helse. Alle verneombod og medlemmer av AMU skal ha gjennomført 40 t grunnkurs i HMS. Dei har også kvart år tilbod om å delta på HMS konferanse for nyttig informasjon og inspirasjon.

SOS-international er ein aktiv medspelar i HMS arbeidet. SOS-international, arbeidsgivar og tillitsvalde har årleg 2 møter for å utarbeide konkrete samhandlingsplanar for den enkelte arbeidsstad og oppfølging av desse.

Ingen saker har blitt tatt opp med Akan-kontakten i året som gjekk.

Teneste 1800 - Beredskap.

Revidert beredskapsplan. Plan for krisekommunikasjon

Kommunestyret vedtok revidert beredskapsplan den 20.09. 2016. Deretter har beredskapsplanen vore oppdatert med ny telefonnummer mv. hausten 2017. Det er i tillegg ferdigstilt evakueringsplan som vil bli lagt inn som ein del av beredskapsplanen ved neste revisjon.

Beredskapssamlingar

Beredskapskoordinator har deltatt på fylkesmannen sin årlege beredskapssamling. Kommunen v/ beredskapskoordinator deltok på møter i felles beredskapsforum for kommunene Haugesund, Karmøy, Tysvær, Utsira, Sveio og Bokn.

Beredskapskoordinator slutta i stillinga 1. januar 2018.

Felles øvelse for kommunane på ytre Haugalandet.

Den 14.09.2017 ble det arrangert felles øvelse for kriseleiinga på ytre Haugalandet m.fl. Målet med øvelsen var samspel og samarbeid med de andre kommunane på Haugalandet. I tillegg skulle det øvast på bruk av krisehandteringsverktøyet CIM.

Kommunen deltok på ein felles beredskapssamling i Tysvær for alle kommunene på Haugalandet, saman med politi, fylkesmann og andre beredskapssetatar der øvelse blei evaluert.

Samarbeidsavtaler

Bokn kommune og Bokn Røde Kors inngjekk samarbeidsavtale om beredskap. Tilsvarande avtale er gjort med Bokn sanitetsforening. Avtalene vil bli lagt inn i beredskapsplanen ved neste revisjon.

CIM

Personell i kriseleiinga, krisesekretariat og andre som er tildelt oppgåver i beredskapsplanen deltok på CIM opplæring både i regi av fylkesmannen og i eigenregi. CIM vart brukt som verktøy under den felles kommuneøvelsen for kommunane på Haugalandet.

Handlingsplanar

Beredskapsplanen inneheld ein oversikt over prioriterte tiltak med ansvar og fristar for gjennomføring. Ny revidert handlingsplan vil bli utarbeidd i samband med revisjon av beredskapsplanen.

Kostnader

Det er brukt begrensa midlar til beredskapsarbeidet i 2017.

Videre oppgåver:

Beredskapsplanverket byrjar etter kvart å «komme på plass», men det står fortsatt igjen arbeid med utarbeiding av handlingsplanar og tiltakskort innanfor tenesteområda. Mange personar treng opplæring innan dei oppgåvene dei er tildelt i planverket.

Kommunen har våren 2018 gjennomført beredskapstilsyn. Sjølv om det gjerer mye godt arbeid når det gjeld beredskapsarbeid i Bokn, viser tilsynet at kommunen sitt arbeid med beredskapen ikkje innfrir kravet til eit heilskapeleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid etter forskrift om kommunal beredskapsplikt. I tillegg er det og nokre manglar ved beredskapsplanen som ikkje oppfyller alle krava i sivilbeskyttelsesloven og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Dette er avvik kommunen vil ta tak i og forbetre gjennom kommande revisjon av beredskapsplanen.

Vidare rår fylkesmannen til at kommunen opprettar stilling som beredskapskoordinator.

Teneste 2420, Sosial rådgivning og veiledning / NAV

Ressursbruk; (heile 1000)

Driftsresultat	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Rekneskap 2017	Avvik frå Budsjett 2017
Netto utgift	1.041	804	823	-19

Tenesta har 1,5 årsverk og er eit partnarsskap mellom stat og kommune. 85 % stilling er statleg finansiert mens 75 % er kommunalt finansiert.

Kommunen og staten er likeverdige samarbeidspartnar som aktivt skal bidra til å skapa eit godt arbeidsfellesskap. Saman skal partane skape eit vel fungerande arbeids- og velferds kontor som fram står som ei eining for brukarane.

Føremålet med tenesta er, i samsvar med måla i arbeids- og velferdsforvaltningslova og rammeavtale om arbeids- og velferdsforvaltning mellom Arbeids- og inkluderingsdepartementet og KS, i fellesskap å arbeide for:

- å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad
- enklare og vere tilpassa brukaren sine behov
- ein heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning

Tenesta omfattar kurativ sosial omsorg og sosial rådgjeving når det gjeld å fremja sosial og økonomisk tryggleik, betre levekåra for vanskelegstilte og førebyggja sosiale problem. Denne gruppa treng rådgjeving og praktisk rettleiing og bistand til å søkja m.a. arbeid, trygd, utdanning og bustad.

Nedlegging av NAV kontoret på Bokn.

Stortinget vedtok 17.11.2016 St. Melding 33 «NAV i en ny tid - for arbeid og aktivitet» der Stortinget mellom anna gjorde følgjande vedtak: «Regjeringen bes sørge for en sammenslåing til færre og større Nav-kontor». Tidlegare garantiordning om eitt bemanna NAV kontor i kvar kommune blei med dette tatt bort. Det legges i framtida opp til at dei fleste kundane til NAV skal kunne bli betjent elektronisk frå eigen heim.

I samanheng med at begge dei 2 tilsette ved NAV kontoret i Bokn våren/sommaren 2017 sa opp sine stillingar, fekk kommunen melding frå NAV Rogaland om at eige NAV kontor på Bokn ikkje ville bli vidareført.

Som følgje av dette blei det under leiing av NAV Rogaland hausten 2017 forhandla fram avtale med Karmøy kommune om eit felles NAV kontor for Karmøy og Bokn - med kontorstad Kopervik.

Nav Karmøy er eit godt utbygd kontor med høg kvalitet på tenestene. Ulempene for Boknarane er at ein må møte i Kopervik for å få tenestene dersom det ikkje kan ordnast elektronisk.

Bokn sine utgifter til sosialtenesta Kostra-tal

	Netto dr.utg. sosialtenesta pr. innbyggjar		Netto dr.utg råd, veiledning og førebygging		Netto dr.utg. øk. sosialhjelp pr. innbyggjar 20 - 66		Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp	
	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017
Bokn	1220	974	1148	842	998	902	46,5	51,3
Kostra 5	1572	1792	1698	1987	1044	1066	37,9	33,7
Rogaland	2167	2156	1045	987	1923	1965	54,4	55,7
Landet	2404	2522	1474	1526	1858	1960	47,5	47,7

Teneste 2440 / 2510 / 2520 Barnevern

Bokn sine utgifter til barnevernet; Kostra-tal

	Netto dr.utg. barneverntenesta pr. innbyggjar		Netto dr.utg pr innbyggjar 0-17 år		Andel netto utgifter til saksbehandling	
	2016	2017	2016	2017	2016	2017
Bokn	2108	1604	9289	7359	51,6	53,0
Kostra 5	1738	1716	8894	8888	41,8	41,9
Rogaland	1803	2044	7529	8581	31,0	29,1
Landet	1920	2190	8925	10273	32,0	29,7

Ressursbruk; (heile 1000)

Driftsresultat	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Rekneskap 2017	Avvik frå Budsjett 2017
Netto utgift	1.802	1.350	1.354	-4

Frå den 01.01.14 vart Bokn med i eit interkommunalt samarbeid med Karmøy kommune.

Årsmeldinga frå Barnevernet vert lagt fram som eit vedlegg til årsmeldinga.

Teneste 3251 - Næring og landbruk

Næringsarbeidet blir ivaretatt av ordførar, rådmann og Anne Askeland som no har stilling som samfunns- og utviklingssjef i Bokn kommune.

Haugaland Vekst IKS har fokus på regionale næringssaker og vil i tillegg leggja til rette for kurs mv. for gründerar og andre som treng hjelp til å etablera seg med eiga verksemd.

Landbrukstenesta er i løpet av 2017 overført frå Tysvær til Karmøy, men vil elles fortsetta som tidlegare.

Som tidlegare år vart det i 2017 sett av midlar (kommunalt tilskott) til drift av Bokn Næringsforum og Destinasjon Haugesund og Haugalandet as. Det er utarbeidd service-erklæring for tenesta. Intensjonen og målsettinga i service-erklæringa vert lagt til grunn for kontakten mellom kommunen og næringslivet.

Næringsfondet har heller ikkje i 2017 fått tilført regionale eller kommunale midlar. Det er no begrensa med midlar igjen i fondet. Dersom kommunen vil vidareføra ordninga med næringsfond, må det løyvast kommunale midlar til dette gjennom budsjettet for 2018.

Teneste 3900, 3920 og 3930 - Kyrkja og andre religiøse formål

Kommunen har nå det heile økonomiske ansvaret for kyrkja. I rekneskapen for 2017 var overføringane til kyrkja og kyrkjegard totalt kr. 1.059.500,-. Av dette kjøper kyrkja økonomi/lønn- og vaktmester tenester frå kommunen for ca kr.109.400. Kyrkja fekk ei ekstraløyving på kr. 300.000,- til maling og sti rundt kyrkja. Frå og med 2013 har ein i budsjettet vedtatt å setje av kr. 30.000,- årleg til kjøp av nytt orgel. Det vart utbetalt tilskot til andre religiøse formål med kr. 64.344,-.

Andre tenester

Ca. 55% av sentraladministrasjonen sine kostnader gjeld driftsutgifter for seksjonane; bl.a. innkjøp av kontorrekvisita, post, forsikringar, felles data program/linjer, telefon og løn for dei driftstenestane som vert utført for andre.

Utviklinga framover

Vi vil vidareføre målet om at seksjonane skal prioritere tenesteproduksjonen og kontinuerleg vurderer om det er arbeidsoppgåver som kan samordnast og/eller effektiviserast, f.eks. rapportering, personalsaksbehandling, økonomikontroll m.m. . IKT planen for kommunen med oppgradering av program og nye web-baserte dataverktøy, vonar vi skal føre til betre dataflyt mellom seksjonane, og gi betre oversikt og tilgang på informasjon / styringsdata.

Nytt inntektssystem og vidare vedtak om fjerning av eigedomsskatt på verk og bruk vil føre til ei vesentleg reduksjon i overføringar/eigedomsskatt for Bokn dei kommande åra. Dette kan få betydning for kva tenester Bokn kan gi – både når det gjeld kvalitet på tenestene og kvantitet.

For Bokn vil det kunne vere aktuelt å utvide det samarbeidet ein har med dei andre kommunane på Haugalandet – både for å styrke utviklinga av regionen, men fyrst og fremst for å oppretthalda eit godt tenestetilbod til Boknarane.

RAMMEOMRÅDE 2 - SEKSJON KULTUR, SKULE OG BARNEHAGE

Seksjonen er delt inn i følgjande driftsområder:

- Bokn kulturkontor, Bokn bygdemuseum og Bokn bygdablad
- Barne- og ungdomsarbeidet med Petra ungdomsklubb og Artep kulturkafe
- Bokn bibliotek
- Bokn kultur- og musikkskule
- Bokn barnehage
- Bokn skule (1-10) med dei 4 avdelingane Barnesteget (1-7), ungdomssteget (8-10), Team Ekstra, og Skulefritidsordninga
- Vaksenopplæring etter Opplæringslova (grunnskulenivå) og Introduksjonslova
- PP-tenester etter Opplæringslova kjøpt frå Karmøy kommune
- Reinhold (skule- og barnehagebygget) blir utført med tilsette i seksjonen

Driftsresultat (heile 1000)	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Rekneskap 2017	Avvik frå budsjett 2017
Brutto utgifter	31 874	30 161	32 879	2 718
Brutto inntekter	-7 903	-4 830	-5 688	-858
Netto utgift	24 095	25 417	27 191	1 774

Merknader til driftsrekneskapen

Overforbruket på rammeområdet 2 skyldes bl.a høyere lønnsutgifter enn budsjettet i barnehagen. Barnehagen fikk overført en 40% stilling som barne- og ungdomsarbeider fra fritidsklubben f.o.m 1.juli 2017. På samme tid ble også en assistenstilling omgjort til en barnehagelærerstilling etter at en ansatt hadde fullført sin utdanning som barnehagelærer. Barnehagen har også benytte en del vikarer grunnet fravær som ikke er langtidsfravær (og dermed ikke gir refusjon fra staten).

Det ble i skolen benyttet en del ressurser på å håndtere utfordringer med skolemiljøet våren 2017. Dette resulterte i overforbruk på skolebudsjettet.

Stillingar/årsverk	2013	2014	2015	2016	2017	Årsverk
Barnehagen	9,90	8,99	9,69	8,59	10,8	
Barnehagen styrking	3,40	0,80	0,80	0,80	0,75	
Skulen (utan refusjon)	20,4	24,52	21,78	22,38		
Skulen (med refusjon)	3,0	3,0	2,0	2,0	0	
Reinhald skule og b.hage	2,5	2,81	2,81	2,81	2,81	
Biblioteket inkl skulebibl.	0,72	0,97	0,97	0,97	0,97	
Musikk og kulturskulen	0,65	0,65	0,65	0,65	0,65	
Barne/ungdomsarbeidar	0,5	0,5	0,5	0,3	0 ¹	
Bygdabladet	0,5	0,5	0,5	0,5	0	
Anna kulturarbeid	0,34	0,34	0,34	0,5	1	
Sum stillingar/årsverk	42,9	43,0	39,96	39,50		

Bokn skule har redusert tal på elevar som mottar spesialpedagogisk hjelp etter Opplæringslova frå 12,3% skuleåret 2014/2015 til 7,4% for skuleåret 2015/2016 og 7,7% for skuleåret 2016/2017, medan det i barnehagen 0,34% i 2017. Det vert arbeid aktivt med å gi tilpassa opplæring innafor den ordinære undervisninga.

Sjukefråvær

Avdeling / år	2013	2014	2015	2016	2017
Barnehagen	7,2%	12,1%	10,6%	10,9%	8,7%
Skulen	8,2%	5,7%	3,3%	6,6%	5,8%
Totalt seksjon	8,5%	7,0%	5,1%	7,7%	7,4%

Aktivitetsoversyn

Barnehagen	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Barn 0 – 3 år	17	25	9	7	9	10	16
Barn 4 – 5 år	33	20	35	31	24	23	18
Barn i alt per 15. desember	50	45	44	38	33	33	34
Barn med heil plass (46,5 t/v)	30	34	32	28	24	27	25
Barn med plass 4 vekedagar	5	4	5	6	7	6	7
Barn med plass 3 vekedagar	11	6	6	4	2	0	2
Skulen							
Elevar på barnesteget, 1.–7.steg	89	86	82	84	86	78	
Elevar på ungd.steget, 8.–10.steg	35	37	42	37	35	39	
Skuleelevar 1.–10. steg	124	123	124	122	121	117	
Barn i SFO 1.–4. steg	38	42	38	31	33	29	
Musikk- og kulturskulen							
Elevtal piano / keyboard	16	17	15	15	15	15	
Elevtal skulekorps / brass				13/13	11/15	18/16	
Aspirantar til korpset				6	16	12	
Andre kunst (kor)	16	17	16	15	16	34	

Resultatvurdering

Endringar i organisasjonen

PPT-avtalen med Tysvær vart avslutta 31.12.15. Frå 01.01.16 vart samarbeidet med PPT-Karmøy starta. Samarbeidet har vore svært godt og gjeve positive resultat med omsyn til å auke fokus på tilpassa opplæring innafor den ordinære undervisninga.

Frå 01.01.15 vart Seksjonssjef for rammeområdet 2 organisert med Kommunalsjef for rammeområdet 2 og 3. Det har elles ikkje vore andre vesentlege endringar i organisasjonen.

Teneste 2010 Barnehage

Våren 2017 har det vore fokus på å repetere «være saman» (frå Haugalandsløftet), og ha auge på det autoritative perspektivet. Dei tilsette i barnehagen repeterte/braut ned dei 5 kjerne-elementa for å få ei djupare forståing av korleis det skulle arbeidast metodisk. Hausten 2017 har styrar i barnehagen starta ein prosess med implementering av ny Rammeplan (som tråtte i kraft frå august 2017). Fokuset har vore på kva for konsekvensar ny Rammeplan får for fagområda og Bokn barnehage, og korleis det skal arbeidast metodisk med progresjonsplanane i årsplanen.

Barnehagen hadde ved oppstart hausten 2017 totalt 35 born. Antall årsverk er 10,8 inkludert styrar fordelt på 13 ansatte. Ein assistent fekk frå sommaren 2017 omgjordt stillinga si til barnehagelærar etter å ha fullført utdanning som barnehagelærar. I mai månad vart stillinga som barne og – ungdomsarbeider ved fritidsklubben for ungdom overført til barnehagen etter eit politisk vedtak om at denne skulle leggjast ned. Barnehagen har hatt noko økt vikarbruk dette året på grunn langtids sjukefråvær. Dei andre tilsette har og vist stor fleksibilitet, og jobba meir og steppa inn ekstra når behovet har vore der.

Barnehagen har hatt utelivsveke på våren i 2017. Dette er ein del av den pedagogiske plattformen kor ein arbeider med kultur, lokalhistorie, natur og miljø.

I 2017 har barnehagen samarbeida med biblioteket om fleire kulturarrangement, bl.a i form av besøk av musikkteater, «bamsedag» med høgtlesing på biblioteket, og adventsarrangement som ein del av den kulturelle spaserstokken.

Førskulebarna var på trafikkopplæring i Haugesund i juni. Samstundes besøkte dei kunstutstillingar på Haugesund bildegalleri. Dei såg og på utstillingar i det same galleriet i november.

Bokn barnehage har ein førskulelærar som har vore knytt til barn med spesialpedagogiske tiltak/ekstra ressurs i 2017. Ho har også jobba med styrking i forhold til språk og tidleg innsats. I tillegg har skulen ein spesialpedagog som og har vore nytta i barnehagen i ein 35% stilling frå august 2017.

Kommunen har etablert ei tverrfagleg gruppe kor skule, barnehage og helsestasjon er representert, og gruppa har møte 6 gonger i året. Barnehagen har eit godt samarbeid med skulen rundt opplegget med førskulebarna, og det er laga ein eigen rutine for arbeidet.

Bokn barnehage har fokus på samarbeid både med foreldra og andre ulike einingar og etatar i kommunen og utanfor kommunen når det gjeld oppfølging og utvikling av borna i barnehagen. Helse Fonna, Karmøy PPT og Karmøy barnvern har vore slike eksterne samarbeidspartar som har fungert godt i høve til enkeltborn og føresette. Barnehagen har i 2017 hatt samarbeid med Karmøy barnevernteneste, Karmøy PPT, og kommunehelsetenesta i Bokn kommune.

I vårhalvåret deltok styrar på nettverksmøta til styrargruppa i barenhagane i Tysvær kommune. Dette vart avslutta då kommunen våren 2017 var i dialog med Karmøy kommune om overtaking og drift av skulen og barnehagen. Bokn kommune valde å ikkje overføre drifta av barnehagen og skulen til Karmøy kommune, og barnehagen har no ikkje deltaking i nettverk slik ein tideligare hadde med Tysvær kommune. Dette vil ein i 2018 forsøke å etablere med ein av nabokommunane.

Teneste 2020 Bokn skule

2017 blei eit år der Bokn skule har helde fram med å jobbe systematisk med utviklingsarbeid for at skulen skal bli ein betre skule, og for å gi elevane ei best mogleg undervisning tilpassa evner og føresetnader. I 2017 har me jobba med vurdering og lokal læreplan. Me har jobba med å få på plass ei felles forståing og eit system for vurdering der elevane på førehand skal vite kva dei blir vurdert på grunnlag av. I 2017 har også Bokn skule jobba vidare med psykososialt miljø. Skulen har halde fram med faste morgonsamlingar for 1.- 8. klasse der ulike tema blir tatt opp frå gong til gong. Skulen har også innarbeida eit system for premiering av elavar og klassar for god oppførsel. Målet for skulen er å utvikla samla kunnskap, haldningar og ferdigheiter når det gjeld læring, undervisning og samarbeid. På Bokn skule har ein valt særskilt å ha fokus på samarbeid, delingskultur, vurdering for læring og psykososialt miljø.

Bokn skule har eit mål om å vera ein kulturell møteplass forankra i vår lokale og nasjonale kulturarv og tradisjonar. Skulen skal og fremja og gi innsikt i kulturell mangfald, visa respekt for den enkelte, fremja demokrati og likestilling. I året som har gått har skulen difor hatt fleire besøk frå den kulturelle skulesekken mellom anna forfattarbesøk, teater og ulike musikkgrupper. Bokn skule har kvar haust ein basar til inntekt for TV-aksjonen, der heile bygda blir innvitert til å komma både med gevinstar og for å vera med på basaren. Inntektene frå basaren er ein stor bidragsytar til at Bokn koimmune kvart år kjem høgt på lista over beste kommune i Rogaland og på landsoversikten. Bokn skule har også kvart år eit stort arrangement siste dag før jul. Juleavslutninga har vore ei tradisjon sidan 1986. Med ny hall og scene, har dei to siste avslutningane fått ein enda større kvalitet lyd- og scenemessig. På juleavslutninga er alle elevane på skulen involvert på scenen på ein eller annan måte.

2017 har også vore eit år der skulen har hatt utfordringar når det gjeld sjukefråvær. Me har i løpet av året hatt fleire som har vore langtidssjukemelde. Skulen har fortsatt hatt og har eit stort behov for ringevikar både når det gjelder pedagogisk personalet og på fagarbeidarar. Sjølv om det frå haust 2017 har vore litt betre fordi fleire lærarar har sidan august hatt ein vikarpott i stillinga si. Det nye digitale timeplanssystemet, Min timeplan som skulen tok i bruk i 2014, gir til ein kvar tid god oversikt over ressursbruken i personalet. Denne måten å løyse vikarproblemet på har ikkje vore optimalt men tanke på arbeidsavtalen til dei tilsette som seier at ein skal ha ein fast og forutsigbar arbeidskvardag.

Bokn skule har fokus på samarbeid både med foreldra og andre ulike einingar og etatar i kommunen og utanfor kommunen når det gjeld oppfølging og utvikling av elevar på skulen. Helse Fonna, Karmøy PPT og Bokn Bufellesskap har vore slike eksterne samarbeidspartar som har fungert godt i høve til enkeltelevar og føresette. I 2017 blei avtalen med Bokn Bufellesskap sagt opp, og i høve til dette ble også avtalen med penger frå Rogaland Fylkeskommune sagt opp. Bokn skule har ikkje lengre ein avdøing for elevar frå Bokn bufellesskap.

Teneste 2130 Vaksenopplæring

På grunn av få elevar har bokn skule eit samarbeid med Bredablikk i Haugesund. Bokn betaler for kursa og reise for elevane. Tilskotet frå staten dekkjer utgiftene skulen har i høve til dette. Elevtalet i vaksenopplæringa har dei siste åra vore synkande.

Teneste 2150 Skulefritidsordninga

Mange barn på skulen nyttar SFO, og tilbakemeldingar på tilbodet er gode. Etter at Bokn arena opna har SFO fått tilgang på litt meir areal. SFO har fått større tilgang til blant anna gymsalen.

Teneste 2210 og 2220 Reinhald i barnehagen og skulebygget

Hausten 2016 opna Bokn arena, då fekk Bokn skule ein ny arena for gymtimar og store felles arrangement i skulen sin regi. Gymsalen på skulen har no blitt eit aktivitetsrom for elevane og SFO. Det er 3 reinhaldarar i 77 % stilling knytt til skulebygget, medan det i barnehagen er det ein reinhaldar i 50 %. Den eine av dei tre stillingane på skulen blir i høve til store arrangement og ved ferieavvikling i Bokn arena flytta ned for vask i hallen i staden for på skulen.

Teneste 2221 Skuleskyss (vanleg skuleskyss og skyss til symjeopplæringa)

Skyssordninga frå førre skuleår er vidareført for 2017/ 2018. Ordninga fungerer tilfredstillande i høve til det praktiske, men skulen har måtte sette inn tiltak i høve miljømessige utfordringar under skyssen. Det har vore jobba mykje med å få eit tilfredstillande psykososialt miljø på bussen. Det har også på grunn av vegarbeid frå hausten 2017 vore utvida tilbod om gratis skuleskyss for dei som bur i alvestadkroken og rundt med kyrkja. Dette har ikkje gitt skulen meir kostnader fordi vegvestenet dekkjer denne ekstra utgifta.

Teneste 2310 Aktivitetstilbod barn og unge, og teneste 2311 Kyrkjebyggd aktivitetshus

Petra fritidsklubb og Artep kulturkafé

Det var ikkje drift av Artep kulturkafé i 2017, etter at ingen besøkte kafeen etter opninga av Bokn Arena 01.10.16 og den nye storstova blei den nye møteplassen.

Petra fritidsklubb hadde 18 klubbkveldar i 2017, inkl. julemiddag 16.12 på sjøhuset til Lars Magnus Alvestad. Besøk av elevar i vidaregåande skule varierer frå år til år, men deltakinga har blitt mindre etter at Bokn Arena kom.

Ungdomsarbeidarstillinga blei lagt ned 1. juli. I samarbeid med kulturkontoret starta ei foreldregruppe frå 9. klasse drifta av fritidsklubben i slutten av september, som ei prøveordning for skuleåret 2017/2018, og med utgangspunkt i driftsforma klubben hadde då han blei driven som ein rein kommunal klubb. Med fokus på tillitsbygging, medverknad, entusiasme og dugleik hadde hausthalvåret eit gjennomsnittleg besøkstal på heile 23 stk. Kommunen kravde godkjent politiattest og gjennomgått brannkurs for samtlege foreldre som sat vakt.



Glade ungdommar på Petrakveld 29. september.

Utleige

- 2. etg. blei utleigd til selskap, både for barn og ungdom – på dagtid og kveldstid/natt, etter vedtatte satsar for utleige av kommunale lokale på kr. 300/1.000. På slutten av året blei det også laga retningslinjer for utleige av 1. etg., som då blei leigd ut til ei ungdomsgruppe på nyttårsaftan.
- 3. etg. Bokn vevstove, som held til i øvste etasje, er svært nøgde med å få disponera lokalet. Dei minner om at det blir for kaldt om vinteren, med gamle omnar og enkle vindauge.

Teneste 3350 Parkar, plassar og torg

Velforeningane fekk kommunal støtte til ulike vedlikehaldsprosjekt av nærmiljøa sine.

Teneste 3730 Kino

Bygdekinoen i Auditoriet er populær, og sidan oppstarten i 2003 har nærare 12.000 personar vore på kino. 2017 var eit normalår for Bygdekinoen, etter rekordåret 2016, og blir i Bokn gjenspegla i ein nedgang i antal kinogåarar. Talet heng saman med kor mange filmar som blir viste kvart år, og det gjennomsnittlege besøkstalet er berre redusert med tre stk. sidan 2016.

For tredje år på rad hadde Bokn det høgaste besøkstalet av dei stadene i Rogaland som brukar Bygdekinoen, og gjennomsnittleg besøkstal var 20 stk. i fjor.

Teneste 3750 Museum

Då det blei oppretta nytt museumsstyre, gjekk Bokn historielag ut av dugnadsprosjektet frå museumsfokus-året 2016. Organisert dugnad kom ikkje i gong igjen i fjor, men med hjelp av fondsmidlar reknar ein med at ting vil skje i år. Dei resterande vedlikehaldsbehova er:

- Ny kledning og nye vindauge på nordre vegg
- Ny inngangsdør
- Skraping og maling av bygget

Bokn kommune hadde møte med museumsstyret i januar/februar, der det m.a. blei klart at museumsstyret disponerer midlar innafor ei ramme, og avgjer sjølv korleis arbeidet skal utførast. Kultursjefen er kommunens kontaktperson.

Det blei av teknisk seksjon utført vedlikehald på Håland etter behov, i tillegg til sporadisk dugnad frå entusiastar, m.a. på taket.

På hausten blei det oppdaga at kårhuset på Laupland var falleferdig. I eit møte med Haugalandmuseene fekk museumsstyreleiaren opplyst at dette huset ikkje vil bli prioritert av dei, men at dei vil hjelpa til å redde huset og ein ev. restaurering. Det er Bokn kommune som eig huset frå 1700-talet, og vertskommunen har drift- og vedlikehaldsansvar.

Det var femte året Historielaget hadde sommarope på Håland. Besøkstalet gjekk litt ned i forhold til tidlegare år, noko mykje dårleg sommarver må ta ein del av skulda for. Til gjengjeld var Bokn stoppestad for Museumstafetten. Då var det historisk sus i allrommet i Bokn Arena under den spektakulære boklanseringa (Oslo og Bokn) av Matros Trosners Dagbok. 37 stk. var med på boksleppet av det dansk-norske bokprosjektet.



2. februar var Museumstafetten på Bokn, då blei det markert at skribenten og teiknaren av ein nasjonal skatt var ein Danielsen Trosnavåg frå Bokn.

Teneste 3770 Kunstformidling

Kultursjefen samarbeider med biblioteksjefen om arrangement, spesielt besøkande kulturtiltak, og midlane på denne tenesta går til enkelte av desse arrangementa, i tillegg til kommunen sine årlege driftsutgifter til Munor-ensemblet (gamle Fylkesmusikerordninga).

Teneste 3800 Idrett

Kunstgrasbanen i Alvestad nærmiljøanlegg, grasbanen i Føresvik m/ballbinge samt storstova Bokn Arena sørga for gode anlegg og lokale for idrett og fysisk aktivitet.

Den mykje brukte ballbingen frå 2009 fekk ei ansiktløfting i 2017: skifte av kledning/rekke, måla blei pussa og malte og nokre av stolpane blei retta opp. Nye vaierar og nett blei monterte. Kommunen kan søka om rehabiliteringsmidlar når bingen er 10 år i 2019. Nytt kunstgras gjenstår.

Teneste 3850 Andre kulturaktivitetar

Informasjonsflyt

Bokn Bygdablad blei lagt ned 1. januar 2017. Bladet har blitt erstatta med informasjon og reportasjar på Bokn kommune sine nettsider, samt informasjon på informasjonsskjermer i ulike bygg i kommunen. Sjølv om mange seier dei saknar bladet, viser det seg at fleire og fleire eldre kjem seg på nettsida til kommunen eller kommunen si facebook-side. Det blir også fokusert på kommunen sin digitale informasjonsflyt på nettbrettkursa for seniorar.



Kulturmidlar

Kr. 150.000 i kulturmidlar blei utdelte. Aktivitetar for barn og unge, musikk og idrett med vekt på aktivitetsnivå, medlemstal og årlege utgifter blei prioriterte. Bedehuset, Gatebilkklubben, Historielaget, Musikkorpset, Mållaget og Pensjonistforeningen fekk det dei søkte om. Skyttarlaget fekk det same som i fjor. Bokn idrettslag, Speidarane og Sykkelklubben fekk ein støttereduksjon. Taekwon-Do-klubben og BORK fekk til saman 18% av disponible midlar. §7-midlane (støtte til eit spesielt tiltak) gjekk til Bokn KFUK-KFUM/Bokn IL/Bokn RK/Bokn sanitetsforening: midlar til oppgradering av Alvestad nærmiljøanlegg med toalettbygg og gapahuk.

Kulturprisen

Den 12. kulturprisen sidan ordninga starta i 1993 gjekk til Erik og Anette Våga, for mangeårige engasjement som løysningsorienterte, kreative og handlekraftige eldsjeler, m.a. som trenarar, initiativstakarar og dugnadsmotorar i Bokn Idrettslag. Namna deira er sterkt knytta til Alvestad nærmiljøanlegg, med realisering av både kunstgrasbane, toalettbygg og gapahuk.

Bygdebøker

Etter at Bokn Kultursoga kom til Boknaton på slutten av 2016 og det gjekk ut 316 bøker på kort tid (julegåver), blei det seld 79 stk. i 2017. 395 band av dei nye bygdebøkene på vel eit år er eit bra tal, og har omtrent same utvikling som salet av Bokn Gard & ætt frå 2001/2002, som også hadde sal i fjoråret (7 stk.). Pr. 01.01.18 var det av Bokn Gard & ætt igjen 253 stk. av band 1 og 288 stk. av band 2

Teneste 3700 bibliotek

Folkebiblioteka har som oppgåve å fremme opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon til innbyggjarane. Det skal leggst vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Biblioteket er eit kombinasjonsbibliotek og så og skulebibliotek. Biblioteksjefen er ansvarlig for Den Kulturelle Skulesekken og Den kulturelle Spaserstokken og skal leggja til rette for gode kulturopplevingar for innbyggjarane. Biblioteket er medlem av Folkeakademiet i Rogaland.

Aktiviteter 2017

Måna d	Arrangement	Målgruppe	Ansvarlig
Januar	Utstilling av lampa laga av 10.klasse	Alle	Skule/bibliotek
Febr.	Forfattarbesøk av Magnhild Bruheim.	Mellomtrinn/ Ungdomsskolen	DKS/skule/bibliotek/
		Alle	Skule/bibliotek
	Utstilling av skateboard v/kunst og handverk	Mellomtrinn	DKS/skule/bibliotek
	Filmverkstad/absu rd film	Pensjonistar, bebuarar sjukeheim og boligar	DKSS/bibliotek/pensjonistforeningen
Mars	«Sånne som oss» v/ Haugesund teater	Ungdomskulen	DKS/skule/bibliotek
	«Sånne som oss» v/Haugesund teater	Pensjonistar	DKSS/biblioteket/pensjonistforening en
	«Jakten på den forsvunne tannbørsten» v/Smårips teater	Barnehage/ småskulen	DKS/skule/bibliotek
	Peter Pan v/Haugesund teater	Alle	DKS/skule/bibliotek

	Utstilling: Gjenbruk av dongeri v/ RE-design gruppa i ungdomskulen	Alle	Skule/bibliotek
April	Markering av verdas bokdag v/ Roser og bøker «Fra Per Spelemann til Bluegrass» v/ Budeie duo inviterer til show Klovnen Knut v/ Knut Berntsen	Alle Pensjonistar/bebuarar sjukeheim og boligar Barnehage/ Småskulen	Biblioteket DKSS/Folkeakademiet/biblioteket/pe nsjonistforeningen DKS/skule/bibliotek
Mai	Utstilling av hyller v/6.klasse Utstilling av krakkar v/7.klasse	Alle Alle	Skule/bibliotek Skule/bibliotek
Aug.	Filmfestivalen, to visninger påTysværtunet	Mellomtrinn og ungdomskulen	DKS/Filmfestivalen/Skulen/bibliotek
Sept.	Heile Rogaland les v/Rogaland fylkeskommune Utstilling av edderkoppar v/1.og 2.klasse Utstilling av rivebilete v/4.klasse «Gubben og kjerringa har Ønskekonsert» v/ Kristine H.Mostøl og Sture Munich	Utdeling av bøker frå 7.klasse Alle Alle Pensjonistar/bebuarar sjukeheim og boligar	Fylkeskommunen/ Biblioteket Skule/bibliotek Skule/bibliotek DKSS/Folkeakademiet/bibliotek/pen sjonistforeningen
Okt.	«Bamsedag» med høgtlesing Boller og saft «En lun time» v/ CamillaM.Myrås og Kjell Reianes	Barn 3 – 5 år Pensjonistar/bebuarar sjukeheim og boligar	Biblioteket DKSS/Kulturkontoret/pensjonistforen ingen/biblioteket

Nov.	Utstilling: Gjenbruk bokser og glass v/ RE- designgruppa i ungdomskulen	Alle	Skule/bibliotek
	Utstilling: puter av t-shorter v/ Re- design	Alle	Skule/bibliotek
Des.	«Julefryd i Adventstida» v/ Bjørn Kallevik	Barnehage, sjukestove, boligar, andre	DKSS/Sjukestova/biblioteket
Heile året	Utdeling av bøker i samarbeid med helsestasjonen.	1. og 2.åringane i kommunen	Helsestasjon/ bibliotek
	Tysdagskafé` kvar tysdag frå 09.30 – 11.30	Alle	Bibliotek

Utlån og besøk

Både utlån og besøk gjekk ned i 2017, og årsaka kan være redusert åpningstid grunna sjukdom.

Det totale utlånet for 2017 var på 7 417 bøker. Det gir eit snitt på pr.innb. 8,67 i Bokn kommune. Snitt for Rogaland i 2016 var 4,6 bøker pr. innb. Besøket på biblioteket var på 5488, eit snitt på 6,4 pr.innb. Snittet i Rogaland i 2016 var 6,4 pr. innbyggjar.

	2014	2015	2016	2017
Utlån totalt	10 366	10 700	8 790	7 417
Pr.innb	11,94	12,36	10,16	8,67
Besøk totalt	5 468	5 803	5 902	5 488
Pr.innb	6,4	6,7	6,8	6,4
Utlån E-bøker			510	390

Utlånsstatistikk 2014 - 2017

Skulebibliotek

Biblioteket har eit stort utval av biletbøker og lettlesle bøker som blir brukte i leseopplæringa. Biblioteket samarbeider om lesestimuleringsprosjekt. Det er fokus på å rettleie elevar i å finne materiell i tema og prosjektarbeid.

Frå 2015 har biblioteket ope to dagar i veka der det kun er ope for skulen, måndagar og onsdagar. Desse dagane vert nytta til lesing som høgtlesing for grupper, stillelesing, leseopplæring, undervisning, lån av bøker. Kvar klasse i småskulen skal ha eit stort utval av bøker i klasserommet og byte dei ut jevnleg. Biblioteket har som mål å skape leselyst og utvikle gode leseferdigheter.

Biblioteket har utstillingar av elevarbeid i faget kunst og handverk og valfaget RE-design i ungdomsskulen.

Den Kulturelle Skulesekken

Rektor for musikk/kulturskule og biblioteksjefen har eit samarbeid om innkjøp av kulturopplevingar i DKS i tillegg til dei arrangementa som fylkeskommunen sender ut. Biblioteksjefen er plan og rapporteringsansvarleg til fylkeskommunen. Som ansvarleg for skulesekken, har biblioteksjefen eit godt samarbeid og fleire årlige møter med kulturkontakatane på Haugalandet. Fylkeskommunen har ei årelig samling for alle kulturkontaktane i fylket.

Samarbeid med seksjon helse

Biblioteket har inngått eit samarbeid med avdeling for Bu og Aktivitet om bytting av bøker som er sett ut på venterom til lege, tannlege og Bokn sjukestove. Dette gir ei meningsfylt arbeidsoppgåve til personar med funksjonshemming då dei gjer ei viktig oppgåve for biblioteket.

Den Kulturelle Spaserstokken

Biblioteksjefen er ansvarlig for DKSS i kommunen, og er den som sender planar og rapportar til fylket. Gruppa for DKSS er, leiar for helse, ein representant frå pensjonistforeninga og biblioteksjefen.

Her er ein med å legg til rette program for pensjonistane, slik at dei skal få eit godt og variert program med gode kulturopplevingar.

Seksjon helse og biblioteket har eit samarbeid om å gi gode kulturtilbod til bebuarar på sjukestova og omsorgsbustader.

Samarbeid utanfor kommunen

Bibliotekfaglege møter med biblioteksjefane på Haugalandet Biblioteksjefen deltek fleire gonger i året på vurderingsmøter for barne-og ungdomslitteratur på Haugalandet.

Transportordning

Biblioteka i Rogaland er med i ei nasjonal transportordning for bibliotek. Biblioteket får besøk to gonger i veka. Kvar måndag og onsdag får ein levert bøker som er bestilte , og sender attende bøker og andre media ein har lånt inn eller som er bestilte hjå oss av andre frå heile landet.

Møteplass

Tysdagskafeèn starta opp hausten 2015, og er blitt ein populær møteplass med godt oppmøte kvar tysdag. Kafe`en er eit samarbeid saman med helse, som ordnar med «noko attåt».

Kommunen har få møteplassar, biblioteket er difor ein viktig møteplass for alle som ynskjer tilgang til kultur, kunnskap eller treffa andre. Brukarane av biblioteket er frå dei minste til dei over 90 år.

RAMMEOMRÅDE 6 - SEKSJON TEKNISK

Innleiing

Som før har teknisk seksjon ansvar for drift og vedlikehald av alle bygg som kommunen eig. Likeeins står seksjonen for drift og vedlikehald av vassverk med pumpestasjon på Torland og anlegg for vassreinsing på Vaulen samt leidningsnett for forbruksvatn. Teknisk driv avlaupsanlegg med slamavskiljarar og pumpestasjonar. Vedlikehald av vegar og offentlege plassar ligg til seksjonen. Teknisk skal arbeida ut planar og handsama plan- og byggjesaker og er sekretær for forvaltningsstyret. Førebyggjande brannvern og brann- og redningsoppgåvene ligg til teknisk. God forvaltning av fiske og viltressursane kviler på seksjonen.

Seksjonen har i 2017 gjennomført dei planlagde investeringane. Dette er nærare kommentert under kvar teneste.

Ressursbruk

Driftsresultat (i heile 1000)	Rekneskap 2016	BUDSJETT 2017	Rekneskap 2017	Avvik frå budsjett
Brutto utgifter	12.007	13.271	12.838	- 433
Brutto inntekter	- 5.166	- 9.564	- 7.211	2.353 x
Netto utgift	6.841	3.707	5.627	1.920

X Det varbudsjetert med kr 2.300.000 i vassavgift frå Rogfast, desse kjem fyrst i 2018.

Bemanning	2014	2015	2016
Administrasjonen	2	2	2
Uteseksjonen	2	2	2
Sum årsverk	4	4	4

I tillegg til dei to faste vaktmeistrane hadde ein inne to (sommar)vikar for vaktmeistrane i til saman 46 arbeidsveker. Dette er meir en før, og har si årsak i at den eine faste vaktmeisteren arbeider med utbygging av vassverket ein stor del av tida. Seksjonen har nå 2 bilar på leasingavtale.

I 2017 hadde ein stabile tilsetjingstilhøve. Ingen slutta og ingen nye byrja i teknisk. Ein hadde avtale med Suldal kommune om føring av bygningsdata i matrikkelen. Tidlegare byggjesakshandsamar blei frå sumaren 2016 tilsett i stilling som drifts- og eigedomssjef. Til stillinga ligg ansvar for all teknisk drift samstundes som han skal fungera som vaktmeister i Bokn arena. Fram til vassverksprosjektet er ferdig, fungere Drifts og eigedomssjefen som prosjektleiar for utbygging av Bokn vassverk. Dette er ei prioritert oppgåve, som må bli gjort ferdig slik at kommunen i samsvar med avtale med Rogfast, kan levera vatn når anlegget kjem i gong. Avtalen om levering av vatn til Rogfastprosjektet vil finansiera det meste av kostnaden med eit nytt framtidsretta vassverk i Bokn kommune. Ein har ikkje hatt byggjesakshandsamar tilsett i 2017. Prosjektleiar for fleirbrukshallen og seinare for kommuneplanen, har gjennom heile 2017 gjort arbeid med byggjesakshandsaming. Samstundes med at budsjettet for 2017 blei

vedteke, blei det gjort vedtak om at ein frå 1. juli 2017 skulle kjøpa all plan- og byggesakshandsaming frå Karmøy kommune. I praksis tok Karmøy over arbeidet med alle nye saker frå 1. september 2017. Ein tek sikte på at gamle saker skal bli avslutta i Bokn. Innleigd konsulent har no gjort avtale om å halda fram med dette arbeidet fram til sumaren 2018.

Samstundes blei det vedteke å seia opp avtalane med Tysvær kommune om kart og oppmåling samt landbruk, viltstell, miljø og akvakultur. Frå 1. januar 2018 er dette arbeidet flytta over til Karmøy kommune. Nye saker blei overtekne alt frå 1. september 2017. Tysvær vil og gjera ferdig nokre saker i 2018.



Resultatvurdering

Aktivitet/teneste	2015	2016	2017
Brannøvingar / utrykningar	10/10	9/24	9/19
Husbrann	0	2	2
Trafikkuhell	4	3	3
Kart / oppmåling forretningar	41	18	21
Antall km. vannledning	19,8	19,8	19,8
Antall vannbrudd	0	0	1
Saker til forvaltningsstyret	48	46	47
Adm. Byggesaker.delingssaker	31	40	53
Reg.planer/ bebyggelsesplaner	4	2	4

Teneste 1300 Administrasjonsbygg / 2610 Sjukestova

Midlane som var sette av til brannsikring av sjukestova er ført over til «Prosjekt tilrettelagde bustader». Byggjearbeidet knytt til dette prosjektet kom i gang i 2017 og vil bli ferdig i 2018. Prosjektet inneheld både nybygg og ombygging av gammalt. Det blir no vurdert om det og skal gjerast noko opprusting av eksisterande sjukeheim i samband med utbyggjinga. På grunn av arbeidet som pågår, blei det ikkje gjort reperasjons og vedlikehaldsarbeid i bygget i året som gjekk.

Teneste 2210 Barnehagebygg

Barnehagen fekk tilbygg med ny avdeling og blei rusta opp i 2013. Det var difor heller ikkje i 2017 naudsynt med vedlikehaldsarbeid av nokon storleik. Det er grunn til å tru at barnehagebygget vil kunna tena si oppgåve utan store kostnader i mange år.

Teneste 2220 Skulebygg

Ein har ikkje i 2017 hatt midlar til å koma vidare med naudsynte energisparetiltak og under dette utskifting av fyringsanlegg. Fyrkjelen er gamal og kan bryta saman. Kjelen er fyrt med olje. Olje kan frå 2020 ikkje vera det som gjev grunnoppvarming i bygget. Men oljekjelen kan likevel bli nytta til å ta toppplastene. I 2015 fekk ein laga ei utgreiing om opprusting av skulen. Konklusjonen er at dersom ein skal setja i gong slikt arbeid, blir det svært dyrt. Å ta deler av det er lite aktuelt. Fram til ein set i gong eit større arbeid med å renovera eller byggja nytt, må ein taka det naudsynte utskiftings- og utbetningsarbeidet som kjem til syne.

I budsjett for 2017 blei det vedtatt å setja ned eit utval som får i oppgåve leggja fram forslag til ny skule på eksisterande tomt innføre ei kostnadsramme på kr 40 mill. Seinare er det vedtatt at utvalet som står for utbyggjing av sjukeheimen, og skal stå for utbyggjing av skulen. Forslaget legg til grunn at den nyaste delen av skulebygget, som inneheld ungdomsskule og bibliotek, skal vera ein del av framtidig skule. Løysingsforslaget skal ha med midlertidig bygg der skulen skal vera i byggjeperioden. Det blei sett av kr 500.000,- som skal nyttast til leige av prosjektleiar og anna konsulenthjelp i samband med utvalet sitt arbeid. Midlane går inn som ein del av investeringa.

Utvalet har i heile 2017 vore engasjert i utbyggjing av sjukeheimen, og har av den grunn ikkje kunna prioritera planleggjing av skulen. Dei avsette midlane, kr 500.000,-, er ført over til 2018. Ein tek sikte på å koma i gang med arbeidet i år. Nye miljø og energikrav gjer at det hastar med å finna løysingar.

Teneste 3010 - 3030 Kartverk, oppmåling samt plan- og byggjesak

Kommuneplanen blei godkjent i kommunestyret 17.12.2013. Planstrategi for Bokn i perioden 2016 – 2019 blei vedtatt i Bokn kommunestyre 13.12.2016. Strategien inneheld element som ikkje er i samsvar med gjeldande kommuneplan. For at intensjonane i planstrategien skal få rettskraft, må dei inn i kommuneplanen. Det blei difor vedteke i kommunestyremøte den 07.03.2017 å setja i gong arbeid med naudsynte endringar i planen. Formannskapet skal vera planutval. Rådmannen fekk på same møte fullmakt til å leiga inn prosjektleiar og annan naudsynt

konsulentbistand for å kunna gjennomføra planendringane. Det blei løyvd kr 500.000,- som skal dekkja alle kostnader med endring av kommuneplanen. På møte i formannskapet den 09.01.2018 blei det gjort vedtak om å senda - framlegg til planprogram - og - framlegg til justering av føresegner og arealplankart - ut på offentleg ettersyn. Forslaga ligg no (14.02.2018) ute. Om alt går greitt, tek ein sikte på å få vedteke planen kring sumaren 2018.

Det er gjort avtale med Rogfastprosjektet om økonomisk bistand til å laga reguleringsplan for området Knarholmen – Lauplandsvågen. Det blei leigd inn konsulent til å arbeida ut to planar i området. Begge planane blei førehandsvarsla og det kom mange merknader. Arbeidet har stansa opp i 2016 på grunn av at ein ventar på at veglina for ny E39, Bokn – Os skal bli blir stadfesta.

Med bakgrunn i alle merknadene og vanskaner med å koma vidare med dei to planane, blei det vedteke å avgrensa området og berre arbeida med ein plan mellom Knarholmen og Sponavaka. Planen har fått namnet Reguleringspal for Knarholmen sør. Planen blei sendt på høyring i juli 2017. Det er på ny kome mange merknader. Ein ventar no på at det skal bli gjort arkeologiske undersøkingar både på sjø og land våren 2018.

Reguleringsplan for strandsona langs sjøen mellom Alvestad og Føresvik har vore under arbeid og handsaming i meir en 10 år. I 2016 arbeide ein fram eit forslag som var noko kortare en tidlegare turveg. Turvegen skulle no koma opp langs eksisterande gardsveg nord på Sæbøstetta i staden for å gå fram til vegen ned til HighComp. Planen blei lagt fram for forvaltningsstyret 05.10.2016. Her blei det gjort vedtak om å senda planen tilbake til administrasjonen. Grunngevinga var at planen skulle visa tursti og ikkje turveg. Etter dette blei plane arbeidd om og lagt fram for forvaltningstyret 25.01.2017. Her blei det gjort vedtak om å leggja ut planen etter at det var gjort mindre endringar i vedtektene. Etter dette blei planen sendt på høyring. Det kom motsegn frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen har varsla motseg, som treng politisk godkjenning. Striden står i hovudsak om det skal vera turveg eller tursti. Omsynet til godkjenning frå grunneigarane veg tungt. Etter synfaring på turveg ved Harfsfjord, der representantar frå fylkeskommunen og både administrasjon og politikarar frå Bokn tok del, er det arbeid ut eit nytt forslag, som ein voner alle parter kan godkjenna. Dette forslaget blir lagt fram for Bokn forvaltningsstyre på møte den 21.02.2018 med framlegg om at planen skal sendast på avgrensa høyring. Dersom alt går greitt, vonar ein å få planen endeleg godkjent kring sumaren 2018.

Private interesser arbeider med reguleringsplan for Holmen - Føresvik sentrum og plan for utviding av industriområdet ved HeigComp. Planprogram og melding om å setja i gong reguleringsarbeidet har vore på høyring. Arbeidet står på vent medan ein ventar på naudsynte undersøkingar i sjø. Også her tek ein sikte på godkjenning kring sumaren 2018.

Reguleringsplan for tverrslag (tunnel) og ventilasjonstårn i Arsvågen blei endeleg godkjent i Bokn kommunestyre 18.05.2017.

Reguleringsplanen for bustadområdet på Vågaheia blei endelig godkjent i Bokn kommunestyre den 20.06.2017.

Reguleringsplan for Føresvik hamn – vestre del (Føresvik brygge) blir endeleg godkjent i Bokn kommunestyre den 20.06.2017.

Privat plan for bustadområde på Kro blei endeleg godkjent i Bokn kommunestyre den 19.09.2017.

Privat plan for nordre Vågaholmen blei handsama fyrste gong i forvaltningsstyret 10.05 2017 og lagt ut på offentleg ettersyn. Det kom motsegn og merknader til planen. Etter møte med Fylkesmann og Fylkeskommune den 11.01.2018 arbeider planeigar no med eit framlegg som ein vonar alle kan einast om.

Privat reguleringsplan for veg og kai i Trosnavåg blei endeleg godkjent i Bokn kommunestyre den 12.12.2018.

Mot slutten av året kom det frå Statens vegvesen inn framlegg til reguleringsplan for nytt kryss mellom Arsvegen og E39 nord for Arsvågen. Forlaget blei handsama 1. gong i Bokn forvaltningsstyre 24.01.2018 og er lagt ut til offentleg ettersyn.

Det er samarbeidsavtale med Tysvær om oppmåling og kartarbeid. Avtalen er, som tidlegare nemnt, sagt opp med verknad frå den 01.01.2018 då det er gjort ny avtale med Karmøy. Ein har avtale med Suldal kommune som fører bygningsdata i matrikkelen. Denne avtalen blir avslutta når Karmøy tek over.

Kommunen er med i forvaltingssamarbeid om Geodata i samband med at ein har pålegg om årleg å oppdatera kartdata innafor kommunegrensene. Dei fleste reguleringsplanane er no digitaliserte, og er tilgjengelege på nettet slik lova krev.

Teneste 3350 Parkar, plassar og torg

Det er berre utført normalt vedlikehald innan denne tenesta i 2017.

Teneste 3400 Vassverk

Seinhaustes 2015 blei det gjort avtale med E39-Rogfastprosjektet om levering av vatn. Avtalen inneber at Bokn kommune må rusta opp heile vassverket. Til dette blei det i budsjettet lagt inn ei kostnadsrame på kr 16 mill. Det meste av kostnaden blir betalt gjennom avtalen som seier at Rogfast skal gje tilskot og kjøpa vatn frå vassverket. Det har seinare synt seg at kostnadene vil auka noko. Ein har difor justert opp kostnadsramma til kr 21 mill.

Arbeidet i marka tok til seinhaustes 2016. Arbeidet har teke noko lengre til en fyrst planlagt. Ein held no på med å avslutta prosjektet som vil stå ferdig i mars – april 2018. Dette er seinare en fyrst tenkt, men får ingen praktiske konsekvensar for levering av vatn til Rogfast.

Når det nye vassverket står ferdig, vil Bokn ha eit vassverk som kan levera nok vatn til kommunen «for all framtid».

Bokn vantar som dei fleste andre kommunar, ei reservevasskjelde om Torlandsvatnet skulle bli forureina. Ein tek no del eit interkommunalt prosjekt som tek sikte på å finna ei felles løysing på denne utfordringa.

Teneste 3500 og 3530 Avlaup – kloakk

Kommunen har ansvar for drift av 5 felles slamavskiljarar og 3 kloakkpumpestasjonar. Slammet blir levert til Toraneset miljøverk. Ein hadde ikkje problem med drifta i året som gjekk. Frå og med 2016 har HIM tatt over arbeidet med å tøma slam og under dette arbeidet med å fakturera.

Slamavskiljaren som tener bustadene i Føresvik, er for liten og må tømast ofte. Her trengst ny og større slamavskiljar. Ein har likevel valt å venta med dette arbeidet til ein kjenner planane for framtidig bustadbygging.

Teneste 3550 Renovasjon

Renovasjonsordninga for Bokn blir drifta av HIM, som og fakturerer. Ordninga fungerer godt.

Teneste 3380 og 3390 Brann og feiarvesen

Det er gjort avtale med Tysvær når det gjeld drift av brannkorpset. Avtalen gjeld funksjonen som brannsjef, øvingsopplegg, utdanning og kvalitetssikring. Tysvær står for tilsynsarbeidet og har ansvar for feiing.

Brann og redningsvesenet hadde 9 øvingar og rykte ut 19 gonger i 2017. Det var ingen husbrannar, men ein rykte ut til 3 trafikkuhell i året som gjekk.

Det er gjennomført kurs, som det er krav om for brannmennene.

Mannskapsstyrken er stabil og held oppe ein flott frivillig beredskap.

Kommunane på Haugalandet har no vedtatt å skipa eit interkommunalt brannvern, Haugaland Brann og Redning. Det interkommunale brannvernet er etablert og ein planlegg samanslåing. Ein reknar med at Bokn brannvesen frå 01.07.2018 blir del av Haugaland Brann og Redning. Det lokale brannkorpset og Bokn brannstasjon vil fungera som før under ny leiing.

Teneste 2650 og 3150 Bustadfelt og bustader

Utleigebustader

Kommunen eig i alt 21 leigebustader. 15 av desse er omsorgsbustader. Av omsorgsbustadane har 9 direkte innadørs tilkomst frå sjukeheimen og 6 ligg i eit hus like ved. I Øyrenfeltet på Austre Bokn har kommunen to rekkjehus med 2 bustader for ungdom i kvart. Dei 2 siste utleigebustadene ligg i eit eldre hus i Føresvik. Alle bustadene har vore utleigde det meste av tida.

Arbeidet med å rusta opp arealet ute ved ungdomsbustadene blei gjort ferdig i 2017.

Ein er no i gang med å bygga 7 nye omsorgsbustader i tilknytning til sjukeheimen. Desse skal stå ferdige ved utgangen av 2018.

Det kommunale bustadfeltet, Fyrvegen, med 8 tomter til einbustader og ei tomt til tett småhusbygging sto ferdig før ferien i 2015. Tomta for tett småhusbygging og ei

einebustadtomt er selde. På einebustadtomta er det ført opp hus, som er teke i bruk. På småhustomta står den fyrste av 6 små einebustader ferdig.

Reguleringsplanen for det private bustadfeltet sør i Alvestadkroken blei godkjent i 2011. Ein har no varsla omregulering av feltet.

Det er ikkje kome i gang arbeid i det private feltet for tett bustadbygging i Alvestadkroken der reguleringsplanen blei godkjent i 2014. Bustadene her ligg ute for sal.

Det er etablert eit privat tomteselskap der kommunen er mindretalseigar. Selskapet har til føremål å kjøpa tomteland, regulerer og opparbeida tomter for sal.

Alle krav som no blir stilte frå statleg og regionalt mynde, gjer at planarbeidet tek mykje tid og blir dyrt. Når ein minner om dette, er det av di ein ynskjer å få fram at det er viktig å prioritera dei neste byggjefelta og koma i gong med reguleringsarbeid. I dag kan ikkje etablering av byggjefelt gjerast som hastesak.

Teneste 3330 og 3340 Vegar og gater, Trafikksikring

ØKONOMI	2015	2016	2017
Investering(heile tusen)	0	0	0
Netto driftutgifter pr. km (1000kr)	45	45	47
AKTIVITET			
Antall km. veger m. oljegrus	13,1	13,1	13,1
Antall km. grusveger	4,5	4,5	4,5
Antall km. gangveg	0,6	0,6	0,6
Antall veglys	329	329	340

Vegvedlikehaldet i 2017

Det står att arbeid for mellom 1 og 1,5 mill. om ein skal asfaltera alle kommunale vegar. Hognalandsvegen blei asfaltert før jul i 2016 og på nyåret i 2017. Etter dette står Arsvegen for tur. Arsvegen vil få stor trafikk i samband med Rogfastprosjektet. Ein vonar difor at vegvesenet vil ta del i utbetningsarbeid her.

Det blei gjort ein del trafikksikringstiltak i 2017. Av desse nemner me gatelys ved barnehagen i Boknatunvegen, ein del nye gatelys på Vågavegen, snuplass for buss på Ognøy og gatelys ved snuplass på Loden.

Teneste 3600 – Naturforvaltning

Oppgåvene med viltforvaltning, som tidlegare blei tekne vare på gjennom samarbeidsavtale med Tysvær kommune, er frå 1. januar 2018, gjennom tilsvarande avtale, flytta over til Karmøy kommune. Oppgåvene er avgrensa til forvaltning av hjortevilt.

Utviklinga framover

Utfordringane er dei same som før. Krav til vedlikehald og opprusting av bygg, vegar og grøntanlegg vil auka. Dei pengar og den arbeidskrafta ein har til rådvelde, set grenser, som gjer at ein ikkje kan halda ein høg kvalitet på vedlikehaldet på alle felt. Nye anlegg fører til auka vedlikehald. Eit godt vedlikehald er naudsynt om uteareal, bygg og anlegg skal stå fram og fungera slik alt var tenkt.

Kravet om planar som grunnlag for kommunale forvaltingsvedtak blir heile tida strengare. Vi ser at krav om konsekvensutgreiing på mange felt som arkeologi, fauna og flora (biologisk mangfald), trafikkfare og støy frå veg og ikkje minst tilhøvet til strandsona, gjer at planarbeidet tek lengre tid og gjer planane dyre. Kommuneplanen er bærebjelke og vegvisar for kva som kan skje dei neste åra.

Planstrategien har avklara kva endringar ein ynskjer å gjera i kommuneplanen. Strategien peikar på at ein må prioritera tilrettelegging for bustadbyggjing om ein skal få positiv utvikling i folketalet. Ein er no i gang med å få tankane frå planstrategien inn i kommuneplanen.

Utviding av vassverket er ei stor og viktig oppgåve som står ferdig i desse dagar. Vassverket kan levera vatn til Rogfastprosjektet samstundes som ein vil ha eit vassverk som vil kunna gje vatn til dei som bur på Bokn, så langt fram ein kan sjå.

Bokn tek del i planarbeid knytt til Haugaland Vannområde, som er del av Rogaland Vannregion. Arbeidet var sett på vent, men er no på ny kome i gong. Retningslinene som kjem ut frå arbeidet vil bli grunnlagsdata som fylket skal leggja til grunn når dei skal uttala seg om kommunale planar. Av den grunn er det viktig å ta del for å kunna påverka innhaldet i planane.

Det er ei stor oppgåve å fylgja opp krav til internkontroll og kvalitetssikring. Krava til dokumentasjon i byggjesak og planarbeid er strenge. Det er eit aukande krav frå publikum om at alle papir skal vera på plass og at offentlege kartverk skal vera oppdaterte. Manglande godkjenningar og ferdigattestar eller attestar som er utskrivne på sviktande eller feil grunnlag, kan få verknad i samband med sal av eigedom eller i forsikringssaker.

Teknisk seksjon skal femne om mange fagfelt. Aukande krav til kompetanse gjer at det blir vanskelegare å gjera eit effektivt og fagleg godt nok arbeid i sakshandsaminga. Mellom anna av denne grunn har ein gjort avtale om å leigla handsaming av byggje- og plansaker frå Karmøy kommune frå 1. september 2017.

POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING 2017

Politisk leiing

Ordfører	Tormod Våga	SP
Varaordfører	Lars Sigmund Alvestad	H
Formannskap:	Eirik Nedrebø, Anita Kro, Sigmund Alvestad, Lene Foss, Kari Christensen,	SP SP KRF H AP
Administrasjonsutval leiar:	Tormod Våga,	SP
Forvaltningsstyre leiar	Emilie Moi Eikje,	SP
Kontrollutval leiar	Lars Øyvind Alvestad,	AP

Politisk aktivitet;

Kommunestyret	6 møter	58 saker
Formannskap	11 møter	60 saker
Administrasjonsutvalg	1 møte	1 sak
Råd for eldre/funksjonshemma	7 møter	25 saker
Forvaltningsstyre	10 møter	46 saker
Kontrollutvalget	3 møter	15 saker

Administrativ leiing:

Rådmann	Jan Erik Nygaard
Kommunalsjef/ass.rådmann	Solrunn Alvestad
Kommunalsjef	Ingunn Toft / Ingrid Sofie Rundhaug
Teknisk sjef	Kåre Bua
Revisjon	Deloitte AS